


Årsmelding 2020

Sunnfjord kommune

Dokumentet vart godkjent i kommunestyret den 29.04.2021 i sak 041/21



Innhold

| | |
|--|----|
| Årsmelding 2020 | 1 |
| Forord..... | 3 |
| 1 Økonomisk oversyn..... | 4 |
| 1.1 Driftsresultat..... | 5 |
| 1.2 Driftsinntekter | 6 |
| 1.3 Driftsutgifter | 9 |
| 1.4 Budsjettavvik | 10 |
| 1.5 Resultatvurdering | 21 |
| 1.6 Finans og gjeld | 23 |
| 1.7 Investeringar..... | 29 |
| 1.8 Eigenkapital og likviditet..... | 31 |
| 1.9 Overordna KOSTRA-tal | 34 |
| 1.10 Hovudoversikter | 35 |
| 2 Måloppnåing..... | 38 |
| 3 Etikk..... | 39 |
| 4 Likestilling..... | 41 |
| 4.1 Tilsette i einingane | 41 |
| 4.2 Heil- og deltidstilsette | 44 |
| 4.3 Lønsstatistikk..... | 46 |
| 4.4 Tiltak for å fremme likestilling og hindre forskjellsbehandling..... | 48 |
| 5 Kommunedirektørens eigenkontroll..... | 49 |

Forord

[Kommunelova](#) § 48 seier at kommunar for kvart kalenderår skal utarbeide årsrekneskap og årsberetning. Nærmare reglar er gitt i [forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.](#)

Sunnfjord kommune vart etablert 1. januar 2020, etter samanslåing av kommunane Naustdal, Gaular, Jølster og Førde.

Årsmelding og årsrekneskap 2020 for Sunnfjord kommune er derfor første driftsår i ny kommune. Oppstillingar og noteopplysningar viser derfor ikkje samanlikning mot årsrekneskap 2019. Ny kommunelov frå 01.01.2020 har medført endringar i hovudoversikter, slik at samanlikning mot summen av 4 kommunar før 2020 ikkje vert korrekt.

Årsmeldinga for Sunnfjord kommune gjer greie for forhold som er viktige for å forstå kommunen si økonomiske stilling og resultat i 2020. Vidare inneheld årsmeldinga omtale av måloppnåing, statusoversikt når det gjeld likestilling, etikk og kommunedirektøren sin eigenkontroll.

Driftsrekneskapen for 2020 viser samla inntekter på 2 117 mill. kroner. Netto driftsresultat er 13,3 mill. kroner eller 0,63 % av driftsinntektene. Dette er 17 mill. kroner svakare enn budsjett korrigert for bruk og avsetjing av øyremerka tilskot.

Investeringsrekneskap 2020 viser samla utgifter på 257 mill. kroner. Det er eit etterslep på gjennomføring av investeringar då samla budsjetterte utgifter er 603 mill. kroner. Alle investeringsutgifter i 2020 er finansiert.

I budsjett rapport pr. oktober vart det rapportert eit anslag på meirforbruk i driftsrekneskapen i Sunnfjordkommune på 71,2 mill. kroner. Årsrekneskapen for 2020 viser meirforbruk på 17 mill. kroner. Usikkerheit på grunn av første driftsår, uoversiktleg økonomisk konsekvens av korona samt at einingane har vore noko forsiktig i rapporteringa er hovudforklaringa på lågare meirforbruk enn rapportert. Alle sektorane kjem ut med lågare meirforbruk enn rapportert.

Sunnfjord kommune er innanfor handlingsregelen om å ikkje auke lånegjelda i 2020, då betalt avdrag utgjer 2,1 mill. kroner meir enn nye låneopptak gjennom året. Rentenivået vart kraftig redusert i 2020 som følgje av Korona-pandemien. Ein auke i lånerenta i åra framover vil utfordre den økonomiske situasjonen til kommunen.


Det er lagt ned stor innsats for å etablere og yte gode og likeverdige tenester i Sunnfjord kommune i 2020. Covid-19 pandemien frå mars 2020 kravde ekstra innsats av mange og arbeidet med å bygge ny kommune har kome ulikt langt. Kommunedirektøren vil nytte høve til å takke alle tilsette og folkevalde for innsatsen i det første driftsåret i ny kommune.

Sunnfjord, 26. mars 2021



Ole John Østenstad
Kommunedirektør

1 Økonomisk oversyn



1.1 Driftsresultat

| | Rekneskap 2020 | Budsjett inkl. endringar 2020 | Årsbudsjett 2020 |
|--|--------------------|----------------------------------|-------------------|
| Driftsinntekter | 2 117 335 040 | 1 979 696 887 | 1 962 228 807 |
| Driftsutgifter ekskl. Avskrivning | 2 005 172 336 | 1 872 666 434 | 1 836 599 566 |
| Netto finanskostnader | 98 856 505 | 92 753 057 | 99 738 310 |
| Netto driftsresultat | 13 306 199 | 14 277 396 | 25 890 931 |
| Netto driftsresultat korrigert for bruk/avsetjing bundne fond | - 2 284 530 | 14 686 465 | 26 300 000 |
| Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk | - | - | - |
| <i>Netto driftsresultat</i> | <i>0,63 %</i> | <i>0,72 %</i> | <i>1,32 %</i> |
| <i>Netto driftsresultat korrigert for bruk/avsetjing bundne fond</i> | <i>-0,11 %</i> | <i>0,74 %</i> | <i>1,34 %</i> |
| <i>Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk</i> | <i>0,00 %</i> | <i>0,00 %</i> | <i>0,00 %</i> |

Tabellen ovanfor oppsummerer driftsresultatet for Sunnfjord kommune i 2020.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter blir brukt som eit mål på kommunen sin økonomiske handlingsfriheit, og er ein viktig indikator på om det er økonomisk balanse i kommunen. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi anbefaler at nivået på driftsresultatet utgjør 1,75 % av brutto driftsinntekt over tid. Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med etter at driftsutgifter og finanskostnader er trekt frå driftsinntektene.

Sunnfjord kommune har vedteke ein handlingsregel med mål om netto driftsresultat på 1,25 % i 2020, 1,5 % i 2021 og 1,75 % av driftsinntektene frå 2022. I opprinneleg årsbudsjett 2020 er netto driftsresultat 25,9 mill. kroner eller 1,32 % av driftsinntektene. Det er gjennomført budsjettendringar i 2020 der unytta løyvingar frå disposisjonsfondet i Førde kommune er oppattbudsjettert i 2020. Dette medfører at budsjett inkl. endringar 2020 har eit netto driftsresultat på 12,3 mill. kroner eller 0,72 % av driftsinntektene.

Rekneskap 2020 viser eit netto driftsresultat på 13,3 mill. kroner eller 0,63 % av driftsinntektene. Fleire kommunar rapporterer netto driftsresultat korrigert for bruk og avsetjing av øyremerka midlar til bunde fond. For Sunnfjord kommune omfattar dette reformstøtte og rasmidlar Jølster. Korrigert for bruk og avsetjing av bundne/øyremerka midlar er netto driftsresultat negativt med -2,3 mill. kroner eller -0,11 % av driftsinntektene. Dette er 17 mill. kroner svakare enn budsjett korrigert for same forhold. Budsjettert overføring til investering er derfor redusert med 17 mill. kroner frå 26,3 mill. kroner til 9,3 mill. kroner i rekneskapen for 2020.

Forklaring til svakare netto driftsresultat enn budsjettert er omtalt i kapittel 1.4 budsjettavvik.

Etter disponering av netto driftsresultat er rekneskapen gjort opp i balanse. Det er ikkje rekneskapsmessig meir-/ eller mindreforbruk som ikkje er disponert. Overføring til investering er redusert med 17 mill. kroner samanlikna med budsjettet.

Kommunestyre må ta stilling til om investeringsbudsjettet skal reduserast tilsvarande eller om finansiering skal skje gjennom løysing frå disposisjonsfondet eller auka låneopptak.

1.2 Driftsinntekter

| Økonomisk oversikt - drift §5-6 | Rekneskap 2020 | Budsjett inkl. endring 2020 | Årsbudsjett 2020 |
|---|----------------------|-----------------------------|----------------------|
| Driftsinntekter | | | |
| 1 Rammetilskudd | 761 751 723 | 766 784 178 | 742 584 178 |
| 2 Inntekts- og formuesskatt | 630 394 155 | 618 961 822 | 636 561 822 |
| 3 Eiendomsskatt | 73 477 311 | 75 253 000 | 75 253 000 |
| 4 Andre skatteinntekter | 6 160 287 | - | - |
| 5 Andre overføringer og tilskudd fra staten | 74 563 642 | 73 291 200 | 79 079 753 |
| 6 Overføringer og tilskudd fra andre | 309 223 773 | 184 827 676 | 172 088 345 |
| 7 Brukerbetalinger | 75 165 659 | 75 096 227 | 71 963 227 |
| 8 Salgs- og leieinntekter | 186 598 489 | 185 482 784 | 184 698 482 |
| 9 Sum driftsinntekter | 2 117 335 040 | 1 979 696 887 | 1 962 228 807 |

Sum driftsinntekter utgjør 2 117,3 mill. kroner, og dette er 137,6 mill. kroner mer enn budsjettet. Av driftsinntektene utgjør frie inntekter (rammetilskot og skatteinntekter) 69,5 %. Frie inntekter er midlar kommen fritt kan disponere utan andre føringar frå staten enn gjeldande lover og forskrifter.

I statsbudsjett for 2020 er sum rammetilskot og inntekts- og formuesskatt for Sunnfjord kommune berekna til 1 375 mill. kroner. I tillegg har kommunen budsjettert kompensasjon for inntektsutjamning på 4 mill. kroner. Covid-19 medførte budsjettendring der inntekts- og formuesskatt vart redusert og rammetilskot auka til totalt 1 386 mill. kroner.

Rekneskapen viser sum rammetilskot og inntekts- og formuesskatt og naturressursskatt på 1 397 mill. kroner. Dette er 11 mill. kroner mer enn budsjettert forklart med meirinntekter frå inntekts- og formuesskatt.

Andre skatteinntekter omfattar naturressursskatt og konsesjonsavgift. Naturressursskatten er 4,7 mill. kroner og konsesjonsavgift er 1,5 mill. kroner. Naturressursskatten er budsjettert som del av inntekts- og formuesskatt.

Overføringer og tilskot frå andre har meirinntekter på 124 mill. kroner samanlikna mot budsjett. Største delen av avviket gjeld sjukelønsrefusjon og refusjon av fødselspengar på 73,3 mill. kroner. Det er i tillegg refusjonar frå kommunar for kjøp av utstyr gjennom SySIKT på 21,8 mill. kroner mer enn budsjettert, overføringer frå fylkeskommunen på 13,5 mill. kroner mer enn budsjettert t.d. spelemidlar eller prosjektmidlar. Til sist er det og meirinntekter på 9,5 mill. kroner frå tilskot til ressurskrevjande tenester.

Postane for eigedomsskatt, andre overføringer og tilskot frå andre, brukarbetaling og sals- og leieinntekter er tilnærma lik budsjettet.

1.2.1 Rammetilskot og skatteinntekter

Gjennom kommunereforma er 119 kommunar blitt til 47 nye, og 1. januar 2020 er det 356 kommunar i Norge. Kommunane Naustdal, Gaular, Førde og Jølster vart til Sunnfjord kommune 1. januar 2020.

Kommunar som slo seg saman og som tapte på endringane i basistilskot, inntektsgarantiordninga INGAR og småkommunetillegget i inntektssystemet frå 2016 til 2017, vart kompensert for dette gjennom ei overgangsordning fram til samanslåinga 01.01.2020. For kommunane Naustdal, Gaular, Førde og Jølster utgjorde dette årleg tap av frie inntekter frå 13,1 mill. kroner i 2017 til 14,9 mill. kroner i 2019. Vedtak om kommunesamanslåing til Sunnfjord kommune medførte at kommunane fekk kompensert dette tapet årleg for åra 2017, 2018 og 2019.

Kommunar som slo seg saman mottok eit inndelingstilskot når den nye kommunen formelt tredde i kraft. Inndelingstilskotet gir full kompensasjon for tap av basistilskot, inntektsgarantiordninga INGAR og netto nedgang i distriktstilskot som følgje av samanslåinga. Inndelingstilskotet vart rekna ut frå inntektssystemet gjeldande i 2016 og er deflatorjustert fram til 2020. Den nye kommunen mottok fullt inndelingstilskot i 15 år etter samanslåinga, før det deretter vert trappa ned over 5 år. Sunnfjord kommune har i 2020 motteke ein inndelingstilskot på 62,4 mill. kroner. Dette omfattar vidareføring av tapte inntekter på endringane i basistilskot på 14,9 mill. kroner samt småkommunetillegget på 8,6 mill. kroner.

Mellomstore kommunar som slår seg saman mottar regionsentertilskot. Tilskotet har kommunane motteke med halvårseffekt i 2017 og med årseffekt frå og med 2018. Sunnfjord kommune har motteke 4,7 mill. kroner i regionsentertilskot i 2020.

Sunnfjord kommune har påpeika tap av inntektsutjamnande tilskot på 8 mill. kroner som konsekvens av kommunesamanslåinga. Rekneskapa for 2020 viser at denne effekten vart reell. Statsforvaltaren har gjennom skjønsmidlar delvis kompensert tapet med 4 mill. kroner.

Tabellen nedanfor oppsummerer utvikling i rammetilskot og skatteinntekter i perioden 2017 til 2020.

| | Sunnfjord 2020 | 4 kommunar 2019 | 4 kommunar 2018 | 4 kommunar 2017 |
|--|------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Innbygger tilskot (likt beløp pr innb) | 552 263 | 542 872 | 519 623 | 508 639 |
| Utgiftsutjevningen | 59 358 | 96 073 | 88 778 | 86 616 |
| Overgangsordning - Ingar | - 1 186 | - 1 170 | 3 132 | 2 312 |
| Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og arbavg) | 9 853 | 5 621 | 4 972 | 5 073 |
| Overgangsordning - kommunar som skal slås saman | | 14 926 | 13 447 | 13 107 |
| Inndelingstilskudd | 62 446 | - | - | - |
| Småkommunetillegg | | 8 550 | 8 870 | 9 425 |
| Regionsentertilskudd | 4 749 | 4 602 | 4 603 | 2 302 |
| Ordinært skjønn | 13 000 | 13 000 | 14 100 | 15 900 |
| Sum rammetilskot utan inntektsutj og ekstra skjønn | 703 456 | 683 689 | 659 797 | 643 596 |
| Netto inntektsutjevning | 27 027 | 34 798 | 39 370 | 35 711 |
| Skjønsmidlar kompensasjon tap netto inntektsutjevning | 4 000 | | | |
| Koronapandemi | 23 561 | - | - | - |
| Skatt på formue og inntekt | 635 077 | 641 641 | 609 420 | 591 156 |
| Sum skatt og rammetilskudd (avrundet) ekskl. ekstra skjønn frå fylkesmannen | 1 393 121 | 1 360 128 | 1 308 587 | 1 270 463 |

I tillegg til rammetilskot og skatteinntekter er Sunnfjord kommune tilført tre eingongstilskot i samband med kommunereforma; eingongstilskot, reformstøtte og infrastrukturtilskot.

Sunnfjord kommune fekk utbetalt eingongstilskot på 46,1 mill. kroner i 2017 til dekking av kostnadar med samanslåinga. Pr. 01.01.2020 stod det igjen 8,2 mill. kroner av desse midlane. I 2020 er 4,4 mill. kroner av desse nytta slik at pr. 31.12.2020 står det att 3,6 mill. kroner til slutføring av profilering og nødvendige ombyggingar ute i tenestene.

Sunnfjord kommune har i 2020 fått utbetalt reformstøtte til kommunar som slår seg saman på 22,314 mill. kroner. Midlane er ei eingongsutbetaling og kan nyttast til formål som den nye kommunen sjølv bestemmer. Kommunestyret har i samband med økonomiplan 2021-2024 vedteke disponering av midlane;

| BRUK AV REFORMSTØTTE | - 22 314 000 |
|---|---------------------|
| IKT skule | 9 000 000 |
| Oppfinansiering av hallar (eiga sak i 2020) | 7 500 000 |
| Breiband (eiga sak i 2020) | 4 314 000 |
| Hall-leige Dragehallen 2021 | 500 000 |
| Nærmiljøråd | 1 000 000 |
| SUM | - |

I tillegg fekk Sunnfjord kommune etter søknad eit infrastrukturtilskot på 5 mill. kroner i 2016.

Oppsummert

Som følgje av kommunesamanslåinga har kommunane i perioden 2017-2019 fått behalde eller blitt tilført følgjande midlar:

- Kompensasjon for tap av frie inntekter 41,5 mill. kroner
- Regionsentertilskot 11,6 mill. kroner
- **Totalt 53,1 mill. kroner**

Som følgje av kommunesamanslåinga har Sunnfjord kommune i 2020 fått:

- Kompensasjon for tap av frie inntekter 14,9 mill. kroner
- Regionsentertilskot 4,7 mill. kroner
- Tap av inntektsutjamnande tilskot -4 mill. kroner
- **Totalt 15,6 mill. kroner**
- Reformstøtte 22,3 mill. kroner (eingongstilskot)

Eingongstilskotet på 46,1 mill. kroner for å dekke kostnadar med samanslåinga kjem i tillegg. Det same gjer midlar øyremerka til infrastrukturtiltak på 5 mill. kroner.

Sunnfjord kommune mottok inndelingstilskot på 62,4 mill. kroner i 15 år etter samanslåinga, før det deretter vert trappa ned over 5 år.

1.3 Driftsutgifter

| Økonomisk oversikt - drift §5-6 | Rekneskap 2020 | Budsjett inkl. endring 2020 | Årsbudsjett 2020 |
|---------------------------------------|----------------------|-----------------------------|----------------------|
| Driftsutgifter | | | |
| 10 Lønnsutgifter | 1 111 705 362 | 1 056 098 048 | 1 043 004 022 |
| 11 Sosiale utgifter | 251 242 095 | 272 659 157 | 282 339 215 |
| 12 Kjøp av varer og tjenester | 499 001 605 | 413 476 888 | 394 890 662 |
| 13 Overføringer og tilskudd til andre | 143 223 273 | 130 432 341 | 116 365 667 |
| 14 Avskrivninger | 124 737 235 | 124 737 235 | - |
| 15 Sum driftsutgifter | 2 129 909 571 | 1 997 403 669 | 1 836 599 566 |

Sum driftsutgifter utgjør 2 130 mill. kroner, og dette er 133 mill. kroner mer enn budsjettet. Av driftsutgiftene utgjør løn og sosiale utgifter 64 %. Erfaringsvis ligger kommunene mellom 60 - 70 %.

Lønnsutgiftene er på 1 112 mill. kroner, og dette er 56 mill. kroner mer enn budsjettet. Auken i lønsutgift må ein sjå i samanheng med vikarutgifter og overtid som kann er budsjettert ut frå korttidsfråvær. Samtidig har ein mottatt sjukelønsrefusjon og refusjon av fødselspengar på 73 mill. kroner. Lønn til vikarar utgjør 60 mill. kroner mer enn budsjettet, og overtid utgjør 9 mill. kroner.

Sosiale utgifter er pensjon og arbeidsgjevaravgift. Det er mindreforbruk mot budsjettet på 21 mill. kroner. Pensjonsutgiftene utgjør 115 mill. kroner og er 8 mill. kroner lågare enn budsjettert. Arbeidsgjevaravgifta utgjør 137 mill. kroner og er 13 mill. kroner lågare enn budsjettert. Sunnfjord kommune har to arbeidsgjevaravgiftssoner. Det medfører at kommunen skal betale ulik sats etter kor tilsette har sin faste arbeidsstad. For tilsette som har sin arbeidsstad i gamle Jølster, Naustdal og Gaular skal kommunen betale ein arbeidsgjevaravgiftssats på 10,6 % medan kommunen skal betale arbeidsgjevaravgiftssats på 14,1 % for tilsette med arbeidsstad Førde. Det har vore krevjande å handtere dette i budsjett og rekneskap. I tillegg har lågare arbeidsgjevaravgiftssats i delar av 2020 som følgje av Covid-19 medført lågare arbeidsgjevaravgift på 9 mill. kroner.

Kjøp av varer og tjenester er kjøp som inngår i tenesteproduksjonen. Dette er kjøp som omfattar alt frå kontormateriale, lærebøker, telefon, internett, kurs, transport og reiser, straum og forsikringar m.m. Kjøp av varer og tjenester er på 499 mill. kroner og dette er 85,5 mill. kroner mer enn budsjettet. Dei postane som avviker mest frå budsjettet er straum, og leige av lokale og grunn som begge er ca. 6 mill. kroner under budsjettet. Postane med størst avvik utover budsjettet er avgifter, gebyr og lisensar med 11 mill. kroner, kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar 19,5 mill. kroner, andre tenester 12 mill. kroner og kjøp frå andre (private) med 25,6 mill. kroner, og kjøp frå IKS der kommunen er deltakar med 36,3 mill. kroner. Dette er tenester innanfor barnevern, kjøp frå private aktørar til brukarar og SUM.

Overføringer og tilskot til andre er overføring til staten, kommunar og andre private og til interkommunale selskap der kommunen er deltakar. Utgiftene er 13 mill. kroner høgare enn budsjettert. Tilskot til andre er 10,5 mill. kroner mer enn budsjettert, og dette er tilskot til breibandutbygging Mo – Sunde på 4 mill. kroner, og utbetaling av spelemidlar til idrettsanlegg som utgjør 5,8 mill. kroner. Kjøp av konsesjonskraft er 3,9 mill. kroner mer enn budsjettet, og avviket kjem av at konsesjonskraftinntekter er budsjettert etter frådrag av kjøp av konsesjonskraft.

1.4 Budsjettavvik

1.4.1 Samla budsjettavvik

| | Rekneskap 2020 | Budsjett inkl. endringar 2020 | Årsbudsjett 2020 |
|--|---------------------|----------------------------------|--------------------|
| Driftsinntekter | 2 117 335 040 | 1 979 696 887 | 1 962 228 807 |
| Driftsutgifter | 2 129 909 571 | 1 997 403 669 | 1 836 599 566 |
| Brutto driftsresultat | - 12 574 531 | - 17 706 782 | 125 629 241 |
| Korrigert for avskrivningar | 124 737 235 | 124 737 235 | |
| Netto finanskostnader | - 98 856 505 | - 92 753 057 | - 99 738 310 |
| Netto driftsresultat | 13 306 199 | 14 277 396 | 25 890 931 |
| Netto driftsresultat korrigert for bruk/avsetjing bundne fond | - 2 284 530 | 14 686 465 | 26 300 000 |
| Netto bruk/ avsetjing av fondsmidlar | - 13 306 199 | - 14 277 396 | - 25 890 931 |
| Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk) | - | - | - |

Tabellen ovanfor viser budsjettavvik for driftsrekneskapen i 2020.

Brutto driftsresultat 2020 utgjør eit negativt resultat på 12,6 mill. kroner. Dette er 5,1 mill. kroner betre enn budsjett inkl. endringar 2020. Avvik mellom rekneskap og budsjett 2020 for driftsinntekter og driftsutgifter er omtalt i kap. 1.2 og 1.3.

Netto finanskostnader utgjør 98,9 mill. kroner. Det er 6,1 mill. kroner høgare enn budsjettet. Lågare utbytte enn budsjettet utgjør 9,6 mill. kroner. Høgare avkastning enn budsjettet utgjør 3,9 mill. kroner. Nettoeffekten av desse postane forklarar høgare netto finanskostnader enn budsjettet.

Netto driftsresultat i 2020 utgjør eit positivt resultat på 13,3 mill. kroner. Dette er 1,0 mill. kroner lågare enn budsjett inkl. endringar 2020. Korrigert for bruk og avsetjing av øyremerkte midlar til bundne fond viser tabellen ovanfor eit korrigert netto driftsresultat på -2,3 mill. kroner. Avviket mellom rekneskap og budsjett utgjør då 17 mill. kroner. Dette samsvarer med faktisk meirforbruk.

I budsjett rapport pr. oktober 2020 vart det rapportert eit anslag på meirforbruk i driftsrekneskapen i Sunnfjord kommune på 71,2 mill. kroner. Årsrekneskapen for 2020 viser meirforbruk på 17 mill. kroner.


Forklaring til lågare meirforbruk enn rapportert:

- Alle sektorane kjem ut med lågare mindreforbruk enn rapportert. Samla utgjør dette 40 mill. kroner. Det er første driftsår i ny kommune og stort fokus på å halde kostnader nede. Det har vore god og noko forsiktig rekneskapsrapportering gjennom året. I tillegg har usikkerheit kring Covid-19 påverka.
- Lågare pensjonskostnad enn budsjettet 4,7 mill. kroner
- Betre skatteinngang enn revidert budsjett 4 mill. kroner
- Betre avkastning på plasserte midlar 3,9 mill. kroner

1.4.2 Budsjettavvik per sektor og enkelte einingar

I årsrapport 2020 for Sunnfjord kommune er økonomiske avvik pr. eining og sektor omtalt. Årsmeldinga omtalar samla avvik pr. sektor og større avvik på enkelte einingar.

Diagrammet til venstre viser den prosentvise rekneskap per sektor. Diagrammet til høgre viser det prosentvise avviket, per sektor, samanlikna mot budsjettet.



| | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 inkl end. | Avvik | Forventa meirforbruk (-) eller mindreforbruk(+) | meirforbruk(-) mindreforbruk(+) - korona | Differanse mellom rekneskap 2020 og rapportert avvik |
|--------------------------------|----------------------|----------------------------|--------------------|---|--|--|
| Kommunedirektør | 166 646 427 | 172 192 349 | 5 545 922 | -8 000 000 | 11 857 000 | -1 688 922 |
| Stab og støtte | 84 969 633 | 92 902 280 | 7 932 647 | 3 430 000 | -81 000 | -4 583 647 |
| Barnehage | 133 298 640 | 135 593 882 | 2 295 242 | -1 397 000 | -854 000 | -4 546 242 |
| Skule inkl. PPT | 309 551 896 | 312 513 816 | 2 961 920 | -1 053 000 | -1 823 000 | -5 837 920 |
| Vaksenopplæring og integrering | 20 519 301 | 13 991 958 | -6 527 343 | -5 500 000 | -2 500 000 | -1 472 657 |
| Helse og sosial | 221 200 189 | 217 195 747 | -4 004 442 | -2 060 000 | -4 667 000 | -2 722 558 |
| Omsorg | 413 751 700 | 384 613 609 | -29 138 091 | -28 980 000 | -4 763 000 | -4 604 909 |
| Kultur | 31 760 043 | 29 414 899 | -2 345 144 | 465 000 | -5 026 000 | -2 215 856 |
| Teknisk og miljø | 93 444 428 | 102 874 946 | 9 430 518 | -800 000 | -2 358 000 | -12 588 518 |
| | 1 475 142 257 | 1 461 293 486 | -13 848 771 | -43 895 000 | -10 215 000 | -40 261 229 |

Tabellen over syner oversikt over sektorane i kommunen, avvik i forhold til budsjettet, forventa meir/mindreforbruk, forventa meir/mindreforbruk korona og differansen mellom rekneskap 2020 og rapportert avvik for budsjett rapporten per. oktober månad.

Tabellen syner at sektorane har rapportert eit forventa meirforbruk på 43,9 mill. kroner og eit meirforbruk knytt til korona på 10,2 mill. kroner. Samla sett for sektorane er det ein differanse mellom rekneskap og rapportert avvik på ca. 40,2 mill. kroner. Sektorane som har størst differanse i forhold til rapportering er stab og støtte, barnehage, skule inkl. PPT, omsorg og teknisk og miljø. Det kjem nærmare omtale under fordelt på einingane.

Kommunedirektør

Kommunedirektøren inneheld fleire tenester som politikk, leiargruppa til kommunedirektøren, skuleskyss, private barnehagar, revisjon og kontroll, IKT og overføring til kyrkja for å nemne dei største. Det vart eit mindreforbruk på 5,5 mill. kroner. Dette er eit mindreforbruk som kjem i tillegg til innsparingskravet på 2,17 mill. kroner. Innsparingskravet var på 2 mill. kroner på revisjon og kontroll, og 170 000 kroner i avvikling av fritidsforsikring. Mindreforbruket er knytt til høgare budsjetterte midlar til lønnsjustering. Lønnsoppgjøret for 2020 vart lågare enn det som vart lagt inn i budsjettet. Øvrig innsparingskrav var å redusere rentekostnaden med 500 000 kroner, også dette innsparingskravet har ein klart i 2020.

Stab og støtte

Stab og støtte utfører oppgåver som er retta mot alle einingane i kommunen. Innhaldet i stab og støtte er personal, service, SYS-IKT, rekneskap og lønn, fagutvikling, næring og samfunnsutvikling og kommuneadvokaten. Det vart eit mindreforbruk på 7,9 mill. kroner. Dette er eit mindreforbruk som kjem i tillegg til innsparingskravet som einingane fekk. Innsparingskravet var på 1,58 mill. kroner. Denne innsparinga gjekk på å redusere bemanning i administrasjonen. Mindreforbruket er knytt til lågare deltaking og bruk av kurs, opplæring, reiser og stillingar som er sett som vakante.

Barnehage

Dei kommunale barnehagane hadde eit samla mindreforbruk på 2,3 mill. kroner. Dette er eit mindreforbruk som kjem i tillegg til innsparingskravet på 1,25 mill. kroner. Denne innsparinga gjekk på å ha seks barn per årsverk på avdelinga. Dette klarte sektoren sjølv om det var korona og stengte barnehagar i ein periode i 2020.

Behovet til barn med spesielle behov aukar, men ein var i 2020 stort sett innanfor budsjettet for dei kommunale barnehagane.

Tilskotet til dei private barnehagane er eit komplekst reknestykke, og det er eit meirforbruk i 2020 på 4,3 mill. kroner. Tilskotet for 2020 er rekna ut frå utgiftene som var i dei kommunale barnehagane i 2018. Det er i utrekninga for tilskotet i 2020 nytta KS/PBL sin modell for å rekne ut tilskotet. Dei private barnehagane har også rett til kompensasjon til redusert foreldrebetaling og søskenmoderasjon.

Behovet til barn med spesielle behov aukar også i private barnehagane. Det kjem til nye behov, og behov endrar seg undervegs.

Skule inkl. PPT

Skulane har tilbod til SFO, og tre av skulane har barnehagetilbod. Det er rektor som er leiar for skule og barnehage. Det er eit mindreforbruk i på 2,9 mill. kroner. Dette er eit mindreforbruk som kjem i tillegg til innsparingskravet på 2,3 mill. kroner. Denne innsparinga gjekk på å auke inntekter SFO med 10 %, redusere tilbodsstrukturen i SFO, ressursmodell for SFO og redusere rammetimetallet til ordinær undervisning til 7 årsverk per 100 elevar. Mindreforbruket er knytt til lågare lønnsutgifter, spart vikarbruk under stenging av skulane, lågare lønskostnad på vikarar og sparetiltak på innkjøp av driftsmidlar.

Vaksenopplæring og integrering

Det er eit meirforbruk på 6,5 mill. kroner. Eininga hadde eit innsparingskrav på 700 000 kroner. Denne innsparinga gjekk på å redusere bemanninga til programrådgjevar. Meirforbruket er 3,4 mill. kroner på introduksjonsordninga. Der 2,1 mill. kroner utgjer meirforbruk på introduksjonsstønad. Opplæring framandspråklege har eit meirforbruk på 2,6 mill. kroner. Dette skuldast meirforbruk på lønn og driftskostnadar og 1 mill. kroner i mindre refusjon frå staten.

Helse og sosial

Sektoren helse og sosial, er fysio- og ergoterapitenesta, NAV, legetenesta, helsestasjonen, barneverntenesta, aktivitetseininga og psykisk helse og rus. Det er eit meirforbruk på 4 mill. kroner. Sektoren hadde eit innsparingskrav på 1,4 mill. kroner. Denne innsparinga gjekk på å styrke arbeidsretta oppfølging, reduksjon av årsverk psykisk helse og rus, frivillig arbeid, reduksjon av årsverk og driftstilskot fysioterapi, reduksjon av årsverk i skulehelsetenesta, reduksjon av årsverk bistillingar i legeteneste. NAV har eit mindreforbruk på 5,7 mill. kroner.

Dette er yting til livsopphald som har ein kostnad som er 5,6 mill. kroner lågare enn budsjettet. Legetenesta har eit meirforbruk på 9,3 mill. kroner. Dette meirforbruket skuldast 1,6 mill. kroner til interkommunal lækjarvakt, endring av legeavtalar og utgifter knytt til korona.



Omsorg

Omsorg er alle omsorgssentra, bu- og miljø tenestene, heimetenestene, bu- og avlasting, butiltak psykisk helse, tildelingskontor og kjøkkentenesta. Det er eit meirforbruk på 29,1 mill. kroner. Sektoren hadde eit innsparingskrav på 1,4 mill. kroner. Denne innsparinga er knytt til auka bruk av velferdsteknologi, elektronisk medisineringsstøtte og organisering av matombringning. Det har vore utfordrande å hente ut gevinst av velferdsteknologi, dette krev eit meir langsiktig perspektiv.

Einingane har i 2020 hatt eit høgt sjukefråvær. 14 einingar hadde sjukefråvær over 10%. Det høge fråværet fører igjen til høgt forbruk av vikarar og meirarbeid/overtid for tilsette. Det har vore utfordrande å erstatte og rekruttere i fagstillingar, og difor har det vore nødvendig å nytte vikarbyrå i nokre einingar.

Noko av meirforbruket i sektoren er knytt til koronapandemien. Restriksjonar for organisering av personalet har ført til meirforbruk og ekstra innleige.

Fleire einingar har planlagt for eit høgt smittepress og har m.a. kjøpt inn utstyr som er belasta einingane.

5 omsorgsbustadar i Kyrkjevegen 17 har vore avsett til interkommunal kohortavdeling sidan pandemien starta. Dette har ført til reduserte husleigeinntekter.

Omsorgssentra har eit meirforbruk på 4,4 mill. kroner, og er knytt til høgare lønnsutgifter og bruk av vikar. I samband med tilsynssak der det var fokus m.a. på tilgjengelege ressursar for å løyse tenestebehovet hos pasientane, vart det sett inn ekstra ressursar i aktuell eining. Det er og andre einingar

som brukar meir stillingsressursar enn det som ligg i bemanningsplanen for å løyse tenestebehovet.

Heimetenestene har eit meirforbruk på 7,1 mill. kroner, og er knytt til høgare lønnsutgifter og bruk av vikar. Årsak er fleire brukarar og større behov for teneste. I desse einingane er det fleire brukarar med eit stort tenestebehov. Fleire kjem direkte heim etter sjukehusopphald og behandling vert vidareført i heimen av heimetenestene. Dette krev god og rett kompetanse tilgjengeleg, som igjen kan føre til overtid, meirarbeid og ekstra innleige for å løyse oppgåvene.

Bu- og miljø, og bu- og avlastingstenesta har eit meirforbruk på 11,3 mill. kroner, og er knytt til høgare lønnsutgifter og kjøp av tenester. Årsak er fleire brukarar/ressurskrevjande tenester, og større behov for teneste.

Butiltak psykisk helse, tildelingseininga og kjøkkentenesta har eit meirforbruk på 6,3 mill. kroner, og er knytt til kjøp av ressurskrevjande tenester.

Kultur og idrett

Sektoren kultur er kultur og ungdom, idrett og friluftsliv, kulturskule og bibliotek. Det er eit meirforbruk på 2,3 mill. kroner. Dette beløpet kjem av lågare salsinntekter. Det har vore lite aktivitet grunna korona, og korona er grunnen til tapte salsinntekter. Sektoren hadde ingen innsparingskrav i 2020.

Teknisk og miljø

Sektoren teknisk og miljø er bygg- og eigedomsforvaltning, reinhald vaskeri, teknisk drift, brann og redning og VAR. Det er eit mindreforbruk på 9,4 mill. kroner. Samla for sektoren var det eit innsparingskrav på 1,2 mill. kroner. Denne innsparinga gjekk på å redusere utgifter til kommunale vegar, redusere bemanning på landbruk, ENØK-tiltak og vaskeri.

Bygg- og eigedomsforvaltning har eit mindre forbruk på 8,6 mill. kroner. Dette skuldast sparte straumkostnadar på 5,5 mill. kroner og 3,7 årsverk som er vakante stillingar. Det var innsparingskrav knytt til ENØK på 500 000 kroner, som er gjennomført.

Reinhald og vaskeri har eit mindreforbruk på 2,2 mill. kroner. Dette er på grunn av mindre bruk av vikarar enn mottekne refusjonar. Det var første budsjettår for ny kommune, og ein har vore prisbeviste på innkjøp av forbruksmateriell og utstyr. Det var eit innsparingskrav på 150 000 kroner, som ein har kome i mål med.


Teknisk drift har eit meirforbruk på 3,3 mill. kroner. Dette meirforbruket kjem av høge kostnadar til vintervedlikehald som er 2,6 mill. kroner over budsjettet. Dette gjeld avtalar om snøbrøyting. Drift og vedlikehald av vegar har eit meirforbruk på 0,9 mill. kroner som gjeld driftskostnadar.

1.4.3 Korona (Covid-19)

Utbrotet starta i storbyen Wuhan i Hubei-provinsen i Kina i desember 2019, og vart i starten knytt til eit matmarked i byen. Viruset har fått namnet SARS-CoV-2 og er eit koronavirus som kan gje luftvegsinfeksjon hos menneske. Sjukdomen har fått namnet Covid-19. 12. mars 2020 erklærte WHO utbrotet som ein pandemi.



Sunnfjord kommune har følgd opp nasjonale råd og gjennomført tiltak for å førebygge og avgrense smitte. Grafen nedanfor viser registrert smitta i Sunnfjord kommune gjennom 2020. Sunnfjord kommune har hatt svært låge smittetal i 2020.



Det er utfordrande å definere eintydig økonomisk konsekvens av korona-pandemien i 2020. Tabellen nedanfor oppsummerer at Sunnfjord kommune har fått rammeoverføringar på 27,5 mill. kroner frå staten i 2020 og at dette finansierer auka kostnad, inntektsbortfall og reduserte skatteinntekter.

| Kostnad/ inntektsbortfall | 2020 | Inntekter - rammetilskot | 2020 |
|---|-------------------|--|---------------------|
| Auke i utgifter til helse og omsorg | 9 600 000 | Generell kompensasjon for utgifter og inntektsbortfall | - 16 070 000 |
| Bortfall foreldrebetaling barnehage/SFO | 6 600 000 | Sårbare barn | - 518 000 |
| Inntektsbortfall kultur og idrett | 10 700 000 | Kompensasjon bortfall foreldrebetaling | - 4 453 000 |
| Øvrig inntektsbortfall | 2 400 000 | Basisfinansiering allmennlegetenesta | - 280 000 |
| Øvrig meirforbruk | 7 200 000 | Kompensasjon redusert inntekts- og formuesskatt | - 2 187 000 |
| Redusert reisekostnad | - 1 451 000 | Nysaldert smittekontroll | - 333 000 |
| Reduserte skatteinntekter | 13 600 000 | Fordeling skjønsmidler Covid-19 | - 3 708 000 |
| Redusert arbeidsgjevaravgift | - 9 100 000 | SUM | - 27 549 000 |
| Redusert løns- og prisvekst | - 12 000 000 | | |
| SUM | 27 549 000 | | |

Det har vore nødvendig å omdisponere fleire tilsette til arbeid med tiltak for å førebygge og avgrense smitte. Dette er ikkje med i oversikt over kostnad, men omdisponeringa har medført at andre oppgåver er utsett/ ikkje gjennomført i 2020.

Det er lagt ned stort innsats av mange tilsette for å handtere korona-pandemien i 2020.

1.4.4 Avvik frå kommunestyret sine premisser

I tillegg til omtale av beløpsmessige avvik skal det i årsmeldinga og omtalast avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Premisser skule

Elevtalsutvikling

| Skuleår/ steg | 1. kl | 2. kl | 3. kl | 4. kl | 5. kl | 6. kl | 7. kl | 8. kl | 9. kl | 10. kl | Samla elevtal |
|------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-----------|------------------|
| 19/20 | 269 | 276 | 333 | 317 | 251 | 299 | 324 | 312 | 314 | 322 | 3 017 |
| 20/21 | 291 | 268 | 278 | 330 | 313 | 315 | 295 | 317 | 306 | 314 | 3 027 |

Det er ei mindre endring i elevtalet frå skuleåret 19/20 til skuleåret 20/21. Elevtalet utgjør grunnlaget for ressursbruken i budsjettåret 2020. Endringa i elevtalet har ikkje innverknad på klassetalet. Skulane får tildelt ressursar etter tal klassar, med eit delingstal på 28 elevar på barnetrinnet og 30 elevar på ungdomstrinnet. Med eit stabilt klassetal er det ikkje endringar i ressursbruken. Elevtalet vil bli redusert i Sunnfjord kommune frå 21/22, men klassetalet vil halde seg stabilt.

Elevar med spesialundervisning, lærartimar

| Timetal | 1.-4 | 5.-7. | 8.-10. | Gutar | Jenter | Sum |
|---------|------|-------|--------|-------|--------|-----|
| 1-75 | 0 | 2 | 2 | 3 | 1 | 4 |
| 76-190 | 27 | 41 | 15 | 58 | 25 | 83 |
| 191-270 | 8 | 20 | 28 | 37 | 19 | 56 |
| 271- | 17 | 29 | 47 | 61 | 32 | 93 |
| Sum | 52 | 92 | 92 | 159 | 77 | 236 |

I Sunnfjord kommune får 7,7% av elevane spesialundervisning. Det er noko høgare enn samanliknbare kommunar. Det blir arbeidd med tiltak for å redusere spesialundervisning, og auke tilpassa opplæring. Tildelinga til spesialundervisning har ikkje auka i 2020.

Det er eit fleirtal med gutar som får spesialundervisning.

Elevar med spesialundervisning som har assistent

| Timetal | Gutar | Jenter | Sum |
|---------|-------|--------|-----|
| 1-75 | 3 | 1 | 4 |
| 76-190 | 10 | 2 | 12 |
| 191-270 | 21 | 7 | 28 |
| 271- | 64 | 17 | 81 |
| Sum | 98 | 27 | 125 |

Dei fleste av elevane som får assistentressurs, har i tillegg spesialundervisning. Tildelinga av assistentressurs er på same nivå i 2020 som i 2019.

SFO

| | <i>Tilbod 2019-2020</i> | <i>2020-2021</i> |
|-----------------|-------------------------|------------------|
| <i>A-tilbod</i> | 129 | 115 |
| <i>B-tilbod</i> | 66 | 40 |
| <i>C-tilbod</i> | 129 | 193 |
| <i>D-tilbod</i> | 283 | 240 |
| <i>E-tilbod</i> | 46 | 134 |
| <i>Sum</i> | 653 | 722 |

Tal barn i SFO har auka med 69 frå skuleåret 19/20 til 20/21. Det er fleire som vel det minste E-tilbodet enn tidlegare. Tala viser at det er ei endring frå D-tilbodet til E-tilbodet

Status sjølvkost SFO

| | |
|--|-------------------|
| <i>21500 SFO inkl. innsparingskrav 800 000</i> | <i>-1 287 338</i> |
|--|-------------------|

I 2019 hadde SFO 3,8 mill. kroner i høgare utgifter enn inntekter.
I 2020 hadde SFO 1,3 mill. kroner høgare utgifter enn inntekter.
Prisen er auka i 2021 og truleg vil SFO klare å drive etter sjølvkostprinsippet i 2021.

SFO-spesial

| | |
|--------------------------------|---|
| TAL ELEVAR SOM FÅR SFO SPESIAL | 5 |
|--------------------------------|---|

Redusert foreldrebetaling

| | |
|--|---------|
| TAL BARN MED REDUSERT FORELDREBETALING PER 31.12.20 | 31 |
| UTGJER I KOSTNADER | 160 000 |

Det er innført eit tak på foreldrebetaling på 6 prosent av samla bruttoinntekta.
Ordninga gjeld for 1.-2. trinn og blir frå skuleåret 21-22 utvida til å gjelde 3.-4. trinn.
Kompensasjon for ordninga er lagt inn i statsbudsjettet og blir overført kommunane.

Premissar barnehage

Sunnfjordbarnehagen tel 18 kommunale og 8 private barnehagar. Totalt 26 barnehagar med svært ulik storleik, frå den største kommunale barnehagen med 81 barn til den minste barnehagen som tel 4 barn. Kvar barnehage har tilsett einingsleiar i 100 % stilling, unnateke Holsen, Karstad og Vevring. I desse tre einingane er det rektor på skulen som er einingsleiar for barnehagen. I tillegg har barnehagar med 4 avdelingar eller meir tilsett assisterande einingsleiar i 50 % stilling eller meir, alt etter tal avdelingar/årsverk.

Barnehagane føl norm for bemanning. Det vil sei minimum 1 vaksen pr. 3 barn under 3 år, og minimum 1 vaksen pr. 6 barn over 3 år.

I tillegg til ordinær barnehagedrift skal barnehagane gje spesialpedagogisk hjelp og støtte til barn som har krav på dette. Barnehagane prioriterer tidleg innsats som eit førebyggjande tiltak knytt til barn som treng hjelp og støtte i utvikling og læring. Spesialpedagogisk hjelp vert gitt individuelt eller i gruppe, i tillegg til at den inkluderer foreldrerettleiing.

Det er to moderasjonsordningar for familiar eller hushaldningar med låg inntekt. Dersom maksprisen for barnehageplass er høgare enn 6 % av den samla inntekta til familien/hushaldninga har ein rett på redusert pris. I tillegg er det gratis kjernetid for 2, 3, 4 og 5 - åringar der familien/hushaldninga har ei samla inntekt som er lågare enn 566 100 kroner per år. For 2020 utgjorde dette 2 259 923 kroner for kommunale og private barnehagar.

Det er og moderasjonsordningar for søsken. For barn nummer 2 er det 30 % moderasjon og for barn 3, 4 også vidare er det 50 % moderasjon. Desse ordningane gir monaleg reduserte inntekter til den einskilde barnehage.

| Barn i barnehage i Sunnfjord kommune | | |
|--------------------------------------|----------------|--------------|
| Alder til barna | Kommunale 2020 | Private 2020 |
| 0 år | 5 | 11 |
| 1 år | 154 | 92 |
| 2 år | 152 | 74 |
| 3 år | 183 | 76 |
| 4 år | 171 | 78 |
| 5 år | 187 | 74 |
| 6 år | 8 | |
| Samla barn i barnehage 2020 | 860 | 405 |

(Henta frå SSB)

Premissar omsorg

Pleiefaktor er tal stillingar i pleie pr. institusjonsplass. Det er eit mål at minimum pleiefaktor i omsorgssentra skal vere 0,8. Spesialavdelingar som korttidseininga, rehabiliterings- og skjerma einingar treng ein høgare pleiefaktor, gjerne opp mot 1,0. Vi nådde ikkje målet i 2020, men det ligg inne ei styrking av omsorgstenestene i økonomiplanperioden.

Pleiefaktor 2020

| Omsorgssenter | tal plassar | Årsverk | Pleiefaktor |
|------------------------------|-------------|---------|-------------|
| Førde omsorgssenter, korttid | 18 | 14 | 0,77 |
| Førde omsorgssenter, langtid | 28 | 22,8 | 0,81 |
| Førde omsorgssenter, skjerma | 28 | 23,23 | 0,8 |
| Sande omsorgssenter | 40 | 29,2 | 0,72 |
| Naustdal omsorgssenter | 20 | 18,5 | 0,93 |
| Skei omsorgssenter | 33 | 24,7 | 0,75 |

1.4.5 Sjølvkost

Formålet med sjølvkost er at brukarane av tenestene skal betale det det kostar kommunen å levere desse tenestene. Kommunen kan med unntak av husholdningsrenovasjon og slamtøming likevel velje å dekke delar av kostnadane.

Følgjande tenester er underlagt sjølvkostprinsipp:

Vatn og avløp, feiing, husholdningsrenovasjon, slamtøming, plan- og byggesaksbehandling, oppmåling, eigerseksjonering, behandling og utseppsløyve, SFO (sjå omtale kapittel 1.4.4) og hamn organisering under Alden hamneområde.

Tabellen nedanfor viser at Sunnfjord kommune har 100 % sjølvkostdekning på tenestene vatn, avløp, feiing og renovasjon. For avløp har kommunen meirinntekter som er avsett til fond og for feiing har kommunen meirutgifter finansiert frå fond.

| Sjølvkost | 2020 | 2020 | 2020 | 2020 | 2020 |
|--|----------------|------------------|------------------|------------|-----------|
| | Vatn | Avløp | Feiing | Renovasjon | Slam |
| Driftsinntekter | 27 231 371 | 38 338 363 | 5 044 682 | 29 922 688 | 4 872 693 |
| Driftskostnader | 27 232 025 | 34 113 713 | 5 497 070 | 29 922 688 | 4 872 693 |
| Resultat | -654 | 4 224 650 | -452 388 | 0 | 0 |
| Kostnadsdekning i % | 100,00 % | 112,38 % | 91,77 % | 100,00 % | 100,00 % |
| Sjølvkostfond 01.01 | 964 272 | 250 451 | 1 701 342 | 0 | 0 |
| + Avsetning til sjølvkostfond | 0 | 4 224 650 | | | |
| - Bruk av sjølvkostfond | -654 | 0 | -452 388 | 0 | 0 |
| Kalkulert renteinntekt sjølvkostfond (1,39 %) | 13 399 | 32 843 | 20 505 | 0 | 0 |
| Sjølvkostfond 31.12 (inkl. rente på fond) | 977 017 | 4 507 944 | 1 269 459 | 0 | 0 |

Tabellen nedanfor viser at Sunnfjord kommune ikkje har 100 % sjølvkostdekning på tenestene private planar, oppmåling, eigarseksjonering og ureiningsmynde. For tenesta byggesak har kommunen 100 % sjølvkostdekning og meirinntekter er avsett til fond.

| Sjølvkost | 2020 | 2020 | 2020 | 2020 | 2020 |
|--|-----------------|------------------|-----------------|--------------------|-----------------|
| | Private planar | Byggesak | Oppmåling | Eigar-seksjonering | Ureiningsmynde |
| Driftsinntekter | 1 857 229 | 5 094 830 | 2 197 631 | 88 000 | 127 295 |
| Driftskostnader | 2 591 131 | 3 878 364 | 2 316 719 | 104 487 | 1 043 917 |
| Resultat | -733 902 | 1 216 466 | -119 088 | -16 487 | -916 622 |
| Kostnadsdekning i % | 71,7 % | 131,4 % | 94,9 % | 84,2 % | 12,2 % |
| Subsidiering | 733 902 | | 119 088 | 16 487 | |
| Sjølvkostfond 01.01 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| + Avsetning til sjølvkostfond | 0 | 1 216 466 | 0 | 0 | 0 |
| - Bruk av sjølvkostfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kalkulert renteinntekt sjølvkostfond | | 8 454 | | 0 | 0 |
| Sjølvkostfond 31.12 (inkl. rente på fond) | 0 | 1 224 920 | 0 | 0 | 0 |

For ytterlegare detaljar sjå note nr. 14 Sjølvkost.

1.5 Resultatvurdering

1.5.1 Driftsresultat og nivå

For å kunne nå kommunen sine overordna mål er det viktig med økonomisk kontroll og handlefriheit, både i dag og i framtida. Hovudinndelinga er gjort i forhold til kva nøkkeltall som seier noko om økonomisk handlefriheit og kva som seier noko om økonomisk kontroll.

Handlingsreglar

I årsbudsjett og økonomiplan 2020 – 2023 har Sunnfjord kommune vedteke følgjande handlingsreglar for Sunnfjord kommune for 2020:

- Netto driftsresultat i % av driftsinntekter på 1,25 %
- Langsiktig gjeld i % av driftsinntekter på 130 %. Nye låneopptak (utanom Husbanken) skal ikkje overstige avdragsutgiftene.
- Disposisjonsfond i % av driftsinntekter på 5,8 %

| Måltal | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 |
|---|----------------|---------------|
| Netto driftsresultat i % av driftsinntekter | 0,63 % | 1,25 % |
| Langsiktig gjeld i % av driftsinntekter | 111,4 % | 100 % * |
| Disposisjonsfond i % av driftsinntekter | 4,6 % | 5,8 % |

*Endra definisjon av lånegjeld medførte korrigerings av måltal frå 130 % til 100 % av driftsinntektene.

Kommentar til avvik mellom handlingsreglar og måltal for 2020:

- Netto driftsresultat skulle vore 26,5 mill. kroner for å oppnå eit netto driftsresultat i % av driftsinntekter på 1,25 %. Meirforbruk i drifta spesielt innan omsorgs-sektoren forklarar eit svakare netto driftsresultat.
- Langsiktig gjeld i % av driftsinntekter blir positivt påverka både av lågare låneopptak enn betalt avdrag, og av auke i driftsinntekter. Likevel er vi over måltal på 100 % av driftsinntektene. Unyttå lånemidlar er redusert gjennom året og forklarar auken i langsiktig gjeld. Nye låneopptak (utanom Husbanken) utgjjer totalt 92,6 mill. kroner i 2020. Betalt avdrag på lån utgjjer 94,7 mill. kroner.
- Disposisjonsfondet er redusert frå 103 til 96,4 mill. kroner i 2020. Samtidig har driftsinntektene auka. Det medfører at handlingsregel om disposisjonsfond på 5,8 % ikkje er oppnådd.

Økonomiske nøkkeltal

Førebelse KOSTRA-tal viser at Sunnfjord kommune har høgare frie inntekter per innbyggjar enn KOSTRA gruppa og landet utanom Oslo. Vi er ein samanslått kommune som får behalde inntektene frå dei 4 gamle kommunane i 15 år, før inndelingstilskotet på 62,5 mill. kroner vert trappa ned over 5 år.

Netto driftsresultat i % av driftsinntektene korrigert for bruk og avsetjing av bundne/øyremerka midlar utgjer eit negativt resultat på -0,11 %. Dette er eit svakt netto driftsresultat for Sunnfjord kommune i 2020.

Løn og sosiale utgifter utgjer 64,4 % av driftsinntektene. Sunnfjord kommune skil seg ikkje frå snittet av andre kommunar på dette område.

Rente- og avdragsutgifter utgjer 6,5 % av driftsinntektene. Gjennomsnittleg lånerente i 2020 er 1,25 %. Det er svært lågt og med forventning om auka lånerente i åra framover vil renteutgiftene i % av driftsinntektene måtte aukast. 1 %-poeng auke i rentenivået vil medføre auke i årleg rentekostnad på 18,1 mill. kroner. I løpet av mars 2020 vart styringsrenta redusert med 1,25 %-poeng. Dette låge rentenivået skulle isolert sett gitt eit betre netto driftsresultat for kommunen i 2020.

Arbeidskapitalen er omtalt i kapittel 1.8.5, og er vurdert til å vere tilfredsstillande.

1.6 Finans og gjeld

Kommunelova slår fast at kommunen skal forvalte gjeld og finansielle midlar på ein slik måte at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid. Kommunen si gjeld påverkar økonomien og difor er det viktig å ha kunnskap om korleis gjelda er samansett, eigenskapane ved ulike finansprodukt og risikoen gjeldsporteføljen er utsatt for.

Finans- og gjeldsforvaltninga har som overordna formål å sikre ei rimeleg avkastning og stabile og låge netto finansieringskostnader for kommunen sine aktiviteter innanfor definerte risikorammer. [Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga](#) vart vedtatt av kommunestyret den 29.10.2020.

1.6.1 Styringsrente og marknaden det siste året

Styringsrenta frå Norges Bank påverkar i første rekke bankane sine innskots- og utlånsrenter. Markedsrenta frå bankane påverkar i sin tur kronekursen, prisane på verdipapir, bustadprisar og etterspørselen etter lån, forbruk og investeringar. Endringar i styringsrenta verkar med andre ord styrande for mange viktige størrelsar i økonomien, derav namnet styringsrente.

I løpet av mars vart styringsrenta redusert med til saman 1,25 prosentpoeng. Seinare på våren vart den satt til null prosent for første gang i norsk historie. Det dramatiske og raske fallet i styringsrenta vitnar om det sjokket som traff den globale økonomien våren 2020.

Den samla aksjemarknaden stupte i vår, men tok seg kraftig opp att mot slutten av året. Den viktigaste drivaren bak oppgangen var nyheitene om covid-19-vaksinene frå Pfizer-BioNTech, Moderna, AstraZenica, og no seinast Johnson & Johnson. Håpet om ei normalisering vart også understøtta av at Joe Biden vann presidentvalet i USA.

Optimismen ein såg mot slutten av 2020 har avtatt ved starten av 2021. Begrensa kapasitet i forhold til dei enorme mengdene med vaksiner som skal produserast på kort tid er noko av forklaringa. Marknaden er framleis prega av stor usikkerheit. Spesielt i forhold til korleis smittesituasjonen utviklar seg i ulike land, og når ein kan vente ein normaltilstand.

1.6.2 Midlar som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet

Forvaltning av likviditet med låg risiko og høg likviditet skal sikre at kommunen kan betale sine utgifter ved forfall og samtidig få tilfredsstillande avkastning. Kommunen skal til ei kvar tid ha ein tilgjengeleg driftslikviditet som minst er like stor som forventta likviditetsbehov dei neste 30 dagane. Forvaltninga skal minimun oppnå avkastning tilsvarande innskotsrente på hovudbankavtalen.

Forvaltninga blir ivaretatt gjennom hovudbankavtalen og kassakredittlån som kommunen har med Sparebanken Sogn og Fjordane. Kommunestyret fattar vedtak om kassakredittlån i samband med årsbudsjettet. For 2020 har kassakredittlån ei

øvre ramme 100 mill. kroner. Lånet sikrer naudsynt driftslikviditet, har låg risiko og vert kunn nytte ved behov.

Tabellen under er henta frå balanserekneskapen, og viser kva postar under omløpsmidlar som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet.

| B. Omlømidler | 31.12.2020 | 01.01.2020 |
|------------------------------|-------------|-------------|
| I. Bankinnskudd og kontantar | 416 419 099 | 463 390 996 |
| II. Finansielle omløpsmidler | 186 510 357 | 175 097 924 |

Balanseposten for bankinnskott og kontantar, viser likviditetsmidlar kommunen har tilgjengeleg «her og no». Kommunen kan vurdere å plassere deler av dette i fond, framfor som bankinnskott.

Balanseposten for finansielle omløpsmidlar viser midlar som er plassert i aksjar og obligasjonar. Dette er midlar som forvaltast med ein lengre tidshorisont, men som kan gjerast disponibelt relativt raskt. Finansielle omløpsmidlar er beskrevet nærare i neste punkt.

1.6.3 Midlar som skal forvaltast med lang tidshorisont

Alle midlar ut over det som er berekna for driftslikviditet dei neste 48 månadar vert å rekne som midlar med lang tidshorisont. Forvaltninga har som formål å sikre ei langsiktig avkastning som kan bidra til å gje innbyggjarane i Sunnfjord kommune eit godt tenestetilbod.

Kommunen skal i si forvaltning ha ein låg til moderat risikoprofil. Risikospreiing får ein ved å fordele midlane på ulike produkt og verdipapir innanfor fleire aktiva- og risikoklassar.

Sunnfjord kommune hadde pr. 01.01.2020 plassert 175,1 mill. kroner i rentefond (62,2 %) og aksjefond (37,8 %), med ulike risikoklassar og krav til avkastning. Plasseringane er gjort av tre forskjellige fondsforvaltarar.

Etter eit kraftig verdifall i februar og mars, har dei plasserte midlane gitt god avkastning gjennom året. Avkastninga i 2020 vart 11 412 433 kroner, tilsvarande ei avkastning på 5 %, og 3,9 mill. kroner meir enn budsjettert.


Tabellen viser verdiendringa gjennom året for plasserte midlar, fordelt på dei ulike fondsforvaltarane.

| | Verdi 31.12.20 | Verdi 01.01.20 | Endring 2020 |
|---|--------------------|--------------------|-------------------|
| C Worldwide Asset management | 83 269 157 | 77 348 468 | 5 920 689 |
| DNB Kapitalforvaltning | 76 973 932 | 72 379 034 | 4 594 898 |
| Fondsforvaltning | 26 267 268 | 25 370 422 | 896 846 |
| Saldo/gevinst finansielle instrument | 186 510 357 | 175 097 924 | 11 412 433 |

1.6.4 Forvaltning av kommunen si gjeld

Kommunen si gjeld påverkar økonomien og difor er det viktig å ha kunnskap om korleis gjelda er samansett, eigenskapane ved ulike finansprodukt og risikoen gjeldsporteføljen er utsatt for.

Den samla lånegjelda er fordelt mellom Kommunalbanken (KBN), KLP og DNB. Husbanken er ikkje med her og kjem i tillegg. Figurane viser fordelinga av lån mellom finansinstitusjonar i beløp og som prosent.



Dei viktigaste nøkkeltala knytt til gjeldsporteføljen i kommunen er gjort greie for under.

Total lånegjeld

| 31.12.2020 | 01.01.2020 | Endring |
|---------------|---------------|-------------|
| 2 359 049 150 | 2 361 742 269 | - 2 693 119 |

Nøkkeltalet viser den samla lånegjelda i Sunnfjord kommune (utanom Husbanklån).

Reglement for finans og gjeldsforvaltninga seier at kommunestyret gjer vedtak om opptak av nye lån . Største lån skal ikkje overstige 20 % av den samla gjelda . I tillegg har ein vedtatt mål/handlingsregel om at netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter, skal være under 100 %. Lånegjelda utgjør 111,4 % av inntektene i 2020 og bryt dermed med målet i handlingsregelen.

Rentebindingstid

| 31.12.2020 | 01.01.2020 | Endring |
|------------|------------|---------|
| 1,1 ÅR | 0,74 ÅR | 0,36 ÅR |

Nøkkeltalet viser eit vekta gjennomsnitt av rentebindingstid for den samla låneporteføljen. Seier noko om renterisikoen. Det kan vere naturleg å sette eit tak på kor stor del av fastrentelån som kan forfalle kvart år, og samstundes sette band på gjennomsnittleg rentebindingstid, då det vil bidra til å redusere risikoen for svingingar i renteutgifter frå år-til år.

Gjennomsnittleg vekta rentebindingstid på samla renteberande gjeld, skal til ein kvar tid vere mellom 1 og 5 år, jf. Reglement for finans og gjeldsforvaltninga.

Rentebinding over 1 år (fastrente)

| 31.12.2020 | 01.01.2020 | Endring |
|------------|------------|---------|
| 22,84 % | 14,89 % | 7,95 % |

Nøkkeltalet viser del av låneporteføljen med rentebinding (fastrente).

Renterisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering, jf. Reglement for finans og gjeldsforvaltninga.

Rentebinding under 1 år (flytande rente)

| 31.12.2020 | 01.01.2020 | Endring |
|------------|------------|---------|
| 77,16 % | 85,11 % | -7,95 % |

Nøkkeltalet viser del av låneporteføljen som er utsatt for endringar i rentenivået. Altså alle lån med flytande rente (Nibor, p.t. rente), men også fastrentelån som går ut av rentebindinga det kommande året.

Låneopptak skal gjerast til gunstigaste vilkår i marknaden, jf. Reglement for finans og gjeldsforvaltninga.

Vekta gjennomsnittsrente

| 31.12.2020 | 01.01.2020 | Endring |
|------------|------------|---------|
| 1,25 % | 2,37 % | -1,12 % |

Nøkkeltalet viser den vekta gjennomsnittsrenta av den totale lånegjelda (både flytande- og fastrentelån).

Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisere låneopptak og rentebindingsperiode innanfor eit akseptabelt risikonivå, og med formål om å oppnå føreseieleg og lågast mogleg renteutgift, jf. Reglement for finans og gjeldsforvaltninga.

Kapitalbinding

| 31.12.2020 | 01.01.2020 | Endring |
|------------|------------|---------|
| 12,63 ÅR | 13,74 ÅR | -1,1 ÅR |

Nøkkeltalet viser den gjennomsnittlige nedbetalingstida for alle lån. Portefølje med kapitalbinding under 1 år har stort kapitalbehov det kommande året. Portefølje med kapitalbinding over 5 år antas å ha ein «normal» forfallsstruktur.

Ingen krav til kapitalbinding i reglement for finans og gjeldsforvaltninga.

Kapitalbinding under 1 år

| 31.12.2020 | 01.01.2020 | Endring |
|------------|------------|---------|
| 4,01 % | 1,66 % | 2,35 % |

Nøkkeltalet viser kor stor del av porteføljen som kommer til forfall innan dei neste 12 månadane.

Lån som forfell skal ikkje overstige meir enn 20 % av den samla gjeldsporteføljen, jf. Reglement for finans og gjeldsforvaltninga.

Rentesensitivitet

| 31.12.2020 | 01.01.2020 | Endring |
|---------------|---------------|---------------|
| kr 18 063 225 | kr 19 850 935 | -kr 1 787 710 |

Årleg rentekostnad ved 1 %-poeng auke i det generelle rentenivået.

Ingen konkrete krav til rentesensitivitet i reglement for finans og gjeldsforvaltninga, men er tatt omsyn til indirekte gjennom dei krav som er satt i forhold til risiko.

1.6.5 Lånegjeld kommunen garanterer for

Kommunen har overtatt garantiar for lånegjeld frå dei gamle kommunane. Tabellen under viser all lånegjeld kommunen garanterer for.

| Garanti gitt overfor | Type garanti | Restgaranti | Opprinnelig garantiansvar/lån | Garantiens utløpstidspunkt | Godkjente garantier som ikke har begynt å løpe |
|-----------------------------|----------------------|-------------|-------------------------------|----------------------------|--|
| Sunnf. Kyrkjelege fellesråd | Sjølvskuldnargaranti | 27 483 | 201 580 | 2021 | KLP |
| Sunnf. Kyrkjelege fellesråd | Sjølvskuldnargaranti | 717 750 | 870 000 | 2045 | KLP |
| Sunnf. Kyrkjelege fellesråd | Sjølvskuldnargaranti | 860 000 | 1 280 000 | 2036 | KLP |
| Sande barnehage | Sjølvskuldnargaranti | 1 260 660 | 2 177 468 | 2031 | Kommunalbanken |
| Alarmsentralen Sog og Fj. | Sjølvskuldnargaranti | 88 846 | 604 000 | 2024 | KLP |
| Gaular bustadstifting | Sjølvskuldnargaranti | 5 700 308 | 8 905 450 | 2033 | KLP |
| Sum | | 8 655 047 | 14 038 498 | | |

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd sine garantiar gjeld ombyggingar av kyrkjebygg i kommunen.

Sande barnehage sin garanti gjeld for bygging av barnehage.

Alarmsentralen i Sogn og Fjordane gjeld utstyr til sentralen.

Gaular bustadstifting sin garanti gjeld bygging av omsorgsbustadar i gamle Gaular kommune.

Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstige 24,2 mill. kroner.

Garantiansvaret blir redusert i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 20 år med tillegg av inntil 2 år, jf. garantiforskrifta § 3.

1.7 Investeringar

| Investeringsrekneskapen | Rekneskap 2020 | Reg. budsjett 2020 | Oppr. Budsjett 2020 |
|---|----------------|--------------------|---------------------|
| Sum investeringsutgifter | 257 402 964 | 602 805 910 | 174 375 000 |
| Sum investeringsinntekter | - 236 590 778 | - 551 030 448 | - 147 375 000 |
| Netto utgifter til vidareutlån | 2 588 332 | - 492 739 | - |
| Sum overføring frå drift og netto avsetningar | - 23 400 518 | - 51 282 723 | - 27 000 000 |
| SUM | - | - | - |

Sum investeringsutgifter og sum investeringsinntekter i tabellen ovanfor viser at det i 2020 har vore høgare aktivitet enn opprinneleg budsjett. Budsjettet er revidert ved å ta inn tidlegare løyvingar i dei 4 gamle kommunane som ikkje er gjennomført før 2020. Tabellen viser at Sunnfjord kommune framleis har eit etterslep på investeringar, men at etterslepet er redusert gjennom høgare aktivitet i 2020 enn opprinneleg budsjett.

Investeringsrekneskapen for 2020 er gjort opp ved at alle utgifter er finansiert. Det er i 2020 brukt 88,1 mill. kroner i finansiering med bruk av lån, 83,9 mill. kroner i tilskot frå andre, 36,4 mill. kroner i kompensasjon for meirverdiavgift og 23,4 mill. kroner i overføring frå drift og netto avsetningar.

Tabellen nedanfor viser oversikt over dei største investeringsprosjekta i Sunnfjord kommune i 2020 målt i investeringsutgifter.

| Prosjekt | Regnskap | Budsjett inkl. endring |
|--|------------|------------------------|
| 170034 Fotballhall Skei | 29 826 736 | 44 852 816 |
| 170002 Idrettshall Halbrend | 26 850 171 | 33 564 496 |
| 170033 Fleirbrukshall Vassenden | 26 166 327 | 26 166 327 |
| 170006 14 stk omsorgsbustadar Apotekargarden | 20 353 860 | 34 290 000 |
| 170003 Bygstad idretts - og fritidspark | 17 415 613 | 47 235 858 |
| 170046 Avlastingsbustad sentrum, Prestebøen 19 | 17 414 255 | 37 584 690 |
| 120001 IKT investering skule | 7 930 840 | 14 770 953 |
| 170043 Tiltak Naustdal sjukeheim (uteområde) | 7 522 547 | 12 889 517 |

Investeringsprosjekt på samla utgifter på 15 mill. kroner eller meir vert det lagt fram eigne saker til kommunestyret. Investeringsprosjekt med meirkostnad vert handtert med omdisponering av midlar frå andre prosjekt eller nye løyvingar.

Investeringsbudsjettet blir vedtatt pr prosjekt. Oversikt over alle prosjekt viser føringar på 80 prosjekt utan budsjett. Føringane summerer seg til 43 mill.

Forklaring:

- 14 prosjekt på totalt 16,3 mill. kroner gjeld utgifter i samband med mottekne rasmidlar Jølster.
- 5 prosjekt på totalt 7,3 mill. kroner gjeld rekneskapsføring av momskompensasjon på kommunal veg i Førdepakken
- 2 prosjekt på totalt 5,9 mill. kroner er utgifter i samband med mottekne eksterne midlar
- 8 prosjekt på totalt 4,3 mill. kroner gjeld forskotering jf. utbyggingsavtale
- 2 prosjekt på totalt 2,4 mill. kroner gjeld politisk vedtekne prosjekt der budsjett ikkje er innlagt i økonomisystem
- 3 prosjekt på totalt 2,3 mill. kroner gjeld restmidlar kommunereform
- 6 prosjekt på totalt 1,7 mill. kroner gjeld spelemiddel-prosjekt
- 31 prosjekt på totalt 1,4 mill. kroner gjeld justeringsavtale – moms for private utbyggerar
- 2 prosjekt på totalt 0,8 mill. kroner gjeld SySIKT prosjekt der kostnad vert fordelt på samarbeidskommunar
- 5 prosjekt på totalt 0,8 mill. kroner gjeld kjøp og sal av areal/tomter
- 2 prosjekt på totalt 0,5 mill. kroner gjeld meirforbruk

Oppsummert er investeringsprosjekt kostnadsført i samsvar med avtale, eksterne midlar og vedtak. Det er målsetjing om at i rekneskap for 2021 så er omfang av prosjekt utan budsjett redusert vesentleg.

1.8 Eigenkapital og likviditet

1.8.1 Disponibel kapital

| Fond og overskot | 31.12.2020 | 01.01.2020 |
|--|--------------------|--------------------|
| Disposisjonsfond | 96 432 680 | 103 006 572 |
| Bundne driftsfond | 107 191 007 | 106 740 463 |
| Mindreforbruk i driftsrekneskapet | - | 34 397 783 |
| Sum | 203 623 687 | 244 144 818 |
| Ubundne investeringsfond | 75 365 193 | 65 695 991 |
| Bundne investeringsfond | 67 474 003 | 51 888 557 |
| Udekka beløp i investeringsrekneskapet | - 914 910 | - 6 087 073 |
| Sum | 141 924 286 | 111 497 475 |
| Oppspart kapital | 345 547 973 | 355 642 293 |
| Av dette bundne fond | 173 750 100 | 186 939 730 |
| Frie fond | 171 797 873 | 168 702 563 |
| <i>Disposisjonsfond i % av driftsinntekter</i> | <i>4,6 %</i> | <i>4,9 %</i> |
| <i>Frie fond i % av driftsinntekter</i> | <i>8,1 %</i> | <i>8,0 %</i> |

Sunnfjord kommune har disponibel oppspart kapital på totalt 355,6 mill. kroner ved oppstart av kommunen 01.01.2020. Av total oppspart kapital utgjør 168,7 mill. kroner frie fond som kommunestyret fritt kan disponere.

Ved utgangen av 2020 er disponibel oppspart kapital redusert med 10,1 mill. kroner til 345,5 mill. kroner. Av total oppspart kapital utgjør 171,8 mill. kroner frie fond som kommunestyret fritt kan disponere.

Sunnfjord kommune har etablert en handlingsregel om å halde disposisjonsfondet på 5,8 % av driftsinntekter gjennom perioden 2021-2024. Ved utgangen av 2020 er disposisjonsfond 4,6 % av driftsinntektene. Bruk av fondet sammen med auke i driftsinntekter gjør til at vi ligger noko under handlingsregelen.

1.8.2 Frie fond

Frie fond utgjør disposisjonsfond og ubundne investeringsfond. Disse midlene kan kommunestyret bruke til alle formål. Disposisjonsfond er midler kommunen fritt kan disponere både til drifts- og investeringsformål, medan ubundne investeringsfond er avgrensa til finansiering av alle investeringsformål.

Bruk og avsetjing til disposisjonsfond i 2020 er forklart i tabell nedanfor:

| Disposisjonsfond | Beløp |
|---------------------------------------|--------------------|
| Pr. 01.01.2020 | 103 006 572 |
| Avsetnad til disposisjonsfond i drift | 34 397 783 |
| Bruk av disposisjonsfond i drift | - 40 971 675 |
| Pr. 31.12.2020 | 96 432 680 |

Avsetnad til disposisjonsfond i 2020 gjeld rekneskapsmessig mindreforbruk i kommunane Gaular, Naustdal, Førde og Jølster for 2019 disponert ved handsaming av årsrekneskap i 2020. Bruk av disposisjonsfond i 2020 gjeld oppattbudsjettering av unytta finansiering frå dei gamle kommunane på 26,3 mill. kroner, oppattbusjettering av unytta tilskotsmidlar frå Førde kommune på 10,8 mill. kroner og 3,5 mill. kroner for å mellombels finansiere retakseringsprosjekt eigedomsskatt i 2020.

1.8.3 Bufferfond

Bufferfond inngår i summen som utgjør disposisjonsfond. Fondet har som funksjon å kunne møte situasjoner med negativt resultat ut fra svingingar på finansinvesteringar.

| Bufferfond | 2020 |
|--------------------------------|-------------------|
| Avkastning/ indeksregulering | - |
| Dekning underskot/ strykningar | - |
| Saldo 31.12.2020 | 16 100 000 |

Det er ikkje føreteke avsetjingar eller bruk av fondet i 2020. Saldo på bufferfond er derfor uendra frå 01.01.2020 på 16,1 mill. kroner pr. 31.12.2020.

Målet er at bufferfondet for finansinvesteringane skal utgjere 10 % av plasserte midlar, som var 18,6 mill. kr pr. 31.12.2020. Det bør derfor setjast av ytterlegare 2,5 mill. kroner til bufferfondet basert på verdien av plasserte midlar pr. 31.12.2020.

1.8.4 Bundne driftsfond

Bundne driftsfond er midlar kommunen skal disponere til formålet midlane er bundne til. Det kan vere øyremerka tilskot eller overskot på tenesteområde med sjølvkost.

| Bunde fond - formål | Bokført verdi 01.01. | Avsetning | Bruk | Bokført verdi 31.12. |
|-------------------------|----------------------|--------------------|-------------------|----------------------|
| Bundne driftsfond | -102 336 958 | -26 456 954 | 29 582 214 | 99 211 699 |
| Sjølvkostfond | -4 403 505 | -4 007 686 | 431 883 | 7 979 308 |
| Sum | -106 740 463 | -30 464 640 | 30 014 097 | 107 191 007 |
| Bundne investeringsfond | 51 888 557 | 32 256 040 | -16 670 594 | 67 474 003 |

Bundne driftsfond utgjorde 106,7 mill. kroner pr. 01.01.2020. Bruk og avsetning utgjør ca. 30 mill. kroner kvar. Bundne driftsfond utgjør 107,2 mill. kroner pr. 31.12.2020.

Bruk av fond omfattar rasmidlar til Jølster og bruk av mottatt reformstøtte. Det er på sjølvkostområdet brukt av fondet til feiarvesenet.

Under sjølvkostområdet er det gjort avsetning til avløpsnett og innsamling av avløpsvatn på ca. 2,8 mill. kroner.

Avsetning til bundne driftsfond er reformstøtte, mottatt tilskot for breiband (Viksdalen) og grunnskule (mottatt tilskot som blir brukt i 2021).

Notane gjev meir detaljert oversikt over bruk og avsetning til fond.

1.8.5 Likviditet

Arbeidskapitalen til kommunen viser kor likvid kommunen er. Vidare gjev endringar i arbeidskapitalen uttrykk for utviklinga i kommunen si betalingsevne.

| | 01.01.2020 | 31.12.2020 |
|---|--------------------|---------------------|
| Omløpsmidlar (utan premieavvik) | 770 212 617 | 767 028 983 |
| Kortsiktig gjeld (utan premieavvik) | 256 024 378 | 271 819 434 |
| Arbeidskapital (utan premieavvik) | 514 188 239 | 495 209 549 |
| Endring | | - 18 978 690 |
| | | |
| Unytta lånemidlar | 245 195 791 | 250 286 771 |
| Endring | | 5 090 980 |
| | | |
| <i>Arbeidskapital utan premieavvik i % av bruto driftsinntekter</i> | <i>24,3 %</i> | <i>23,4 %</i> |
| <i>Unytta lånemidlar i % av brutto driftsinntekter</i> | <i>11,6 %</i> | <i>11,8 %</i> |

Arbeidskapitalen til Sunnfjord kommune utgjer ca. 500 mill. kroner. I tillegg kjem unytta lånemidlar på ca. 250 mill. kroner. Endring i arbeidskapital gjennom 2020 er negativ med 19 mill. kroner medan endring i nytta lånemidlar er positiv med 5,1 mill. kroner.

Likviditeten vert vurdert til å vere tilfredsstillande.

Sunnfjord kommune har ikkje nytta kassakreditt i 2020.

1.8.6 Premieavvik

Sunnfjord kommune fører årleg samla pensjonskostnad bestående av netto pensjonskostnad, administrasjonskostnader og avskrivning av tidlegare års premieavvik. Kvar år oppstår eit premieavvik på grunn av forskjell mellom netto pensjonskostnad og årets premieinnbetaling. Sunnfjord kommune avskriv dette premieavviket over 7 år. Pr. 31.12.2020 har Sunnfjord kommune eit premieavvik på 92,5 mill. kroner. I tillegg kjem arbeidsgjevaravgift av premieavviket. Det vil seie at Sunnfjord kommune har betalt premie til pensjonsleverandørar på 92,5 mill. meir enn det som er utgiftsførast i rekneskapen. Dette skal utgiftsførast i rekneskapen med 1/7 dei næraste 7 åra. Premieavviket svekker likviditeten til Sunnfjord kommune.

1.9 Overordna KOSTRA-tal

| Nøkkeltall | Enhet | Sunnfjord | Kostragruppe 09 | Landet uten Oslo |
|---|---------|-----------|-----------------|------------------|
| | | 2020 | 2020 | 2020 |
| Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter | prosent | 0,7 | 1,8 | 2,4 |
| Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter | prosent | 23,7 | 22 | 23,1 |
| Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter | prosent | 74,6 | 60,6 | 54,6 |
| Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter | prosent | 124,7 | 132,7 | 124,4 |
| Frie inntekter per innbygger | kr | 63435 | 57165 | 59028 |
| Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter | prosent | 4,6 | 10,3 | 11,7 |
| Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter | prosent | 11,4 | 16,8 | 15,9 |

TABELL OVANFOR VISER FØREBELSE KOSTRA-TAL PUBLISERT 15. MARS. SSB HAR MELDT OM FEIL I BEREKNINGAR OG NYE OPPDATERTE TAL 26. MARS. ÅRSRAPPORT VIL VISE OPPDATERTE TAL.

KOSTRA nyttar konserntal, dvs. dei i tillegg til kommunen sine tal legg til kommunen sin del av interkommunale selskap, kommunale føretak og interkommunale samarbeid. Det kan derfor vere mindre avvik mellom KOSTRA-tal og tal omtalt i av årsmeldinga.

Kommentar til tabell ovanfor:

- Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter utgjer 0,7 % for Sunnfjord kommune. Dette er eit svakare resultat enn både kommunegruppa og landet utanom Oslo.
- Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekter utgjer 23,7 % for Sunnfjord kommune. Dette er same nivå som både kommunegruppa og landet utanom Oslo.
- Netto renteeksponering i % av brutto driftsinntekter utgjer 74,6 % for Sunnfjord kommune. Sunnfjord kommune er meir renteeksponert enn både KOSTRA gruppa og landet utanom Oslo. Dette gir ein indikasjon på at Sunnfjord kommune er noko meir sårbar for endringar i rentenivå enn samanliknbare kommunar.
- Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter utgjer 124,7 % for Sunnfjord kommune. Dette er lågare enn KOSTRA gruppa og same nivå som landet utanom Oslo. Handlingsregel om ikkje å auke lånegjelda gir effekt.
- Frie inntekter per innbyggjar utgjer 63.435 kroner for Sunnfjord kommune. Det er høgare enn både KOSTRA gruppa og landet utanom Oslo. Vidareføring av inntektsnivå frå 4 samanslåtte kommunar forklarar at vi ligg høgare.
- Fri eigenkapital drift i % av brutto driftsinntekter (disposisjonsfond) utgjer 4,6 % for Sunnfjord kommune. Dette er lågare enn både KOSTRA gruppa og landet utanom Oslo.
- Brutto investeringsutgifter i % av brutto driftsinntekter utgjer 11,4 % for Sunnfjord kommune. Dette er lågare enn KOSTRA gruppa og landet utanom Oslo.

Utfyllande omtale og analyse av KOSTRA-tal vil kome i eiga KOSTRA-analyse for 2020 og i årsrapport for Sunnfjord kommune 2020.

1.10 Hovudoversikter

Fullstendig oversikt over hovudoversikter til rekneskapen 2020 framgår av årsrekneskap og notar til rekneskapen 2020.

1.10.1 Driftsrekneskap

| Økonomisk oversikt - drift §5-6 | Rekneskap 2020 | Budsjett inkl. endring | Årsbudsjett |
|--|----------------------|------------------------|----------------------|
| Driftsinntekter | | | |
| 1 Rammetilskudd | 761 751 723 | 766 784 178 | 742 584 178 |
| 2 Inntekts- og formuesskatt | 630 394 155 | 618 961 822 | 636 561 822 |
| 3 Eiendomsskatt | 73 477 311 | 75 253 000 | 75 253 000 |
| 4 Andre skatteinntekter | 6 160 287 | - | - |
| 5 Andre overføringer og tilskudd fra staten | 74 563 642 | 73 291 200 | 79 079 753 |
| 6 Overføringer og tilskudd fra andre | 309 223 773 | 184 827 676 | 172 088 345 |
| 7 Brukerbetalinger | 75 165 659 | 75 096 227 | 71 963 227 |
| 8 Salgs- og leieinntekter | 186 598 489 | 185 482 784 | 184 698 482 |
| 9 Sum driftsinntekter | 2 117 335 040 | 1 979 696 887 | 1 962 228 807 |
| Driftsutgifter | | | |
| 10 Lønnsutgifter | 1 111 705 362 | 1 056 098 048 | 1 043 004 022 |
| 11 Sosiale utgifter | 251 242 095 | 272 659 157 | 282 339 215 |
| 12 Kjøp av varer og tjenester | 499 001 605 | 413 476 888 | 394 890 662 |
| 13 Overføringer og tilskudd til andre | 143 223 273 | 130 432 341 | 116 365 667 |
| 14 Avskrivninger | 124 737 235 | 124 737 235 | - |
| 15 Sum driftsutgifter | 2 129 909 571 | 1 997 403 669 | 1 836 599 566 |
| 16 Brutto driftsresultat | - 12 574 531 | - 17 706 782 | 125 629 241 |
| Finansinntekter | | | |
| 17 Renteinntekter | 9 068 188 | 14 745 253 | 15 758 000 |
| 18 Utbytter | 18 080 099 | 27 702 840 | 27 702 840 |
| 19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler | 11 412 433 | 7 498 000 | - |
| 20 Renteutgifter | 42 755 793 | 61 782 713 | 62 282 713 |
| 21 Avdrag på lån | 94 661 431 | 80 916 437 | 80 916 437 |
| 22 Netto finansutgifter | - 98 856 505 | - 92 753 057 | - 99 738 310 |
| 23 Motpost avskrivninger | 124 737 235 | 124 737 235 | - |
| 24 Netto driftsresultat | 13 306 199 | 14 277 396 | 25 890 931 |
| Disp. eller dekning av netto driftsresultat: | | | |
| 25 Overføring til investering | - 53 827 330 | - 55 658 140 | - 26 300 000 |
| 26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond | - 450 544 | 409 069 | 409 069 |
| 27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond | 6 573 892 | 6 573 892 | - |
| 28 Bruk av tidligere års mindreforbruk | 34 397 783 | 34 397 783 | - |
| 28 Dekning av tidligere års merforbruk | - | - | - |
| 29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsres | - 13 306 199 | - 14 277 396 | - 25 890 931 |
| 30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk) | - | - | - |

1.10.2 Investeringsrekneskap

| Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap), §5-5, 1. ledd | Regnskap | Reg. budsjett | Oppr.budsjett |
|---|--------------------|--------------------|--------------------|
| 1 Investeringer i varige driftsmidler | 247 636 219 | 596 420 009 | 171 275 000 |
| 2 Tilskudd til andres investeringer | 1 046 545 | 3 285 901 | - |
| 3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper | 6 494 028 | 3 100 000 | 3 100 000 |
| 4 Utlån av egne midler | 530 000 | - | - |
| 5 Avdrag på lån | 1 696 172 | - | - |
| 6 Sum investeringsutgifter | 257 402 964 | 602 805 910 | 174 375 000 |
| 7 Kompensasjon for merverdiavgift | 36 398 638 | 79 997 700 | 23 804 000 |
| 8 Tilskudd fra andre | 83 934 897 | 107 597 865 | 20 155 000 |
| 9 Salg av varige driftsmidler | 22 095 438 | 62 548 878 | 22 500 000 |
| 10 Salg av finansielle anleggsmidler | 2 902 000 | 2 900 000 | - |
| 11 Utdeling fra selskaper | - | - | - |
| 12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler | 3 134 000 | - | - |
| 13 Bruk av lån | 88 125 807 | 297 986 005 | 80 916 000 |
| 14 Sum investeringsinntekter | 236 590 778 | 551 030 448 | 147 375 000 |
| 15 Videreutlån | 59 343 933 | 59 507 261 | 50 000 000 |
| 16 Bruk av lån til videreutlån | 59 836 672 | 60 000 000 | 50 000 000 |
| 17 Avdrag på lån til videreutlån | 22 000 256 | - | - |
| 18 Mottatte avdrag på videreutlån | 18 919 185 | - | - |
| 19 Netto utgifter videreutlån | 2 588 332 | - 492 739 | - |
| 20 Overføring fra drift | 53 827 330 | 55 658 140 | 26 300 000 |
| 21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond | - 15 585 446 | 6 784 550 | - |
| 22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond | - 9 669 203 | - 5 987 804 | 700 000 |
| 23 Dekning av tidligere års udekket beløp | - 5 172 163 | - 5 172 163 | - |
| 24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger | 23 400 518 | 51 282 723 | 27 000 000 |
| 25 Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp) | 0 | 0 | 0 |

1.10.3 Balanserekneskap

| Oversikt - Balanserekneskapen §5-8 | 31.12.2020 | 01.01.2020 |
|--|----------------------|----------------------|
| EIENDELER | | |
| A. Anleggsmidler | 6 551 399 938 | 6 222 635 997 |
| I. Varige driftsmidler | 3 371 089 773 | 3 261 868 551 |
| 1. Faste eiendommer og anlegg | 3 290 648 793 | 3 184 594 122 |
| 2. Utstyr, maskiner og transportmidler | 80 440 980 | 77 274 428 |
| II. Finansielle anleggsmidler | 960 393 252 | 918 841 875 |
| 1. Aksjer og andeler | 620 212 597 | 616 220 569 |
| 3. Utlån | 340 180 656 | 302 621 306 |
| IV. Pensjonsmidler | 2 219 916 912 | 2 041 925 571 |
| B. Omløpsmidler | 873 915 272 | 863 123 557 |
| I. Bankinnskudd og kontanter | 416 419 099 | 463 390 996 |
| II. Finansielle omløpsmidler | 186 510 357 | 175 097 924 |
| 1. Aksjer og andeler | 186 510 357 | 175 097 924 |
| III. Kortsiktige fordringer | 270 985 816 | 224 634 637 |
| 1. Kundefordringer | 61 410 640 | 131 723 697 |
| 2. Andre kortsiktige fordringer | 102 688 887 | - |
| 3. Premieavvik | 106 886 289 | 92 910 940 |
| Sum eiendeler | 7 425 315 210 | 7 085 759 553 |
| EGENKAPITAL OG GJELD | | |
| C. Egenkapital | 2 165 840 800 | 1 809 772 339 |
| I. Egenkapital drift | 203 623 687 | 244 144 818 |
| 1. Disposisjonsfond | 96 432 680 | 103 006 572 |
| 2. Bundne driftsfond | 107 191 007 | 106 740 463 |
| 4. Mindreforbruk i driftsregnskapet | - | 34 397 783 |
| II. Egenkapital investering | 141 924 286 | 111 497 475 |
| 1. Ubundet investeringsfond | 75 365 193 | 65 695 991 |
| 2. Bundne investeringsfond | 67 474 003 | 51 888 557 |
| 3. Udekket beløp i investeringsregnskapet | - 914 910 | - 6 087 073 |
| III. Annen egenkapital | 1 820 292 827 | 1 454 130 046 |
| 1. Kapitalkonto | 1 818 065 745 | 1 451 902 964 |
| 2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift | 2 227 083 | 2 227 083 |
| D. Langsiktig gjeld | 4 984 902 192 | 5 017 210 052 |
| I. Lån | 2 701 760 955 | 2 667 065 355 |
| 1. Gjeld til kredittinstitusjoner | 2 609 162 127 | 2 667 065 355 |
| 3. Sertifikatlån | 92 598 828 | - |
| II. Pensjonsforpliktelse | 2 283 141 237 | 2 350 144 697 |
| E. Kortsiktig gjeld | 274 572 218 | 258 777 162 |
| I. Kortsiktig gjeld | 274 572 218 | 258 777 162 |
| 1. Leverandørgjeld | 70 719 617 | - |
| 2. Likviditetslån | - | 812 121 |
| 4. Annen kortsiktig gjeld | 201 099 817 | 255 212 257 |
| 5. Premieavvik | 2 752 784 | 2 752 784 |
| Sum egenkapital og gjeld | 7 425 315 210 | 7 085 759 553 |
| F. Memoriakonti | 251 209 763 | 246 683 231 |
| I. Ubrukte lånemidler | 250 286 771 | 245 195 791 |
| II. Andre mem oriakonti | 922 992 | 1 487 440 |
| III. Motkonto for mem oriakontiene | - 251 209 763 | - 246 683 231 |

2 Måloppnåing

Sunnfjord kommune rapporterer i denne årsmeldinga første driftsåret i ny kommune. Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er det starta arbeid med i 2020, men desse er ikkje ferdigstilt ved utgangen av 2020 og har derfor ikkje vore retningsgivande for styringa av Sunnfjord kommune i 2020.

Intensjonsavtale

Kommunane Gaular, Naustdal, Førde og Jølster vedtok i juni 2015 intensjonsavtale for Sunnfjord kommune. Intensjonsavtalen er lagt til grunn for utarbeiding av årsbudsjett og økonomiplan 2020 - 2023:

Hovudmål:

- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggerane
- Vere drivkraft og fylkessenter for Sogn og Fjordane

Delmål:

- Skipe ein livskraftig og attraktiv kommune som sikrar god folketalsvekst.
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Bygge ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø.

Det føreligg ikkje pr. i dag gode styringsdata som rapporterer måloppnåing i intensjonsavtala for 2020. Vi vil i 2021 starte opp med systematiske brukarundersøkingar og medarbeidarundersøking. I tillegg vil vi rapportere KOSTRA-analyse av kommuneøkonomien og kvalitetsanalyse gjennom Kommunebarometeret når desse føreligg i 2021. I årsrapport 2020 for Sunnfjord kommune er samfunn, medverknad og måloppnåing omtalt meir detaljert.

I 2020 er det etablert visjon og verdiar for administrasjonen i Sunnfjord kommune. Vidare er det utarbeidd etiske retningslinjer. Dette er omtalt i kapittel 3 i årsmeldinga.

Arbeidet med etablering av internkontroll/ eigenkontroll i Sunnfjord kommune er omtalt i kapittel 5.

Tabell nedanfor viser befolkningsprofil ved utgangen av 2020:

| Nøkkeltall | Enhet | Sunnfjord | Kostragruppe 09 | Landet uten Oslo |
|--|----------|-----------|-----------------|------------------|
| | | 2020 | 2020 | 2020 |
| Innbyggere | antall | 22020 | 665929 | 4694359 |
| Fødte per 1000 innbyggere | per 1000 | 9,9 | 9,3 | 9,3 |
| Døde per 1000 innbyggere | per 1000 | 6,6 | 7,4 | 7,8 |
| Netto innflytting | antall | -81 | 1571 | 13135 |
| Andel skilte og separerte 16-66 år | prosent | 7,7 | 12,9 | 10,5 |
| Andel enslige innbyggere 80 år og over | prosent | 56,1 | 59,6 | 60,7 |
| Registrerte arbeidsledige i prosent av befolkningen i alderen 15-74 år | prosent | 1,3 | 2,4 | 2,4 |
| Andel innvandrerbefolkning | prosent | 10,6 | 14,2 | 16,2 |

3 Etikk



Etikk står sentralt i arbeidet med å skape tillit mellom kommunen og innbyggjarar. Høg etisk standard skal ligge til grunn for alt arbeid i Sunnfjord kommune. Det siste året har vi arbeid med dette på fleire måtar.

Visjon og verdier

Vi har utarbeidd ein visjon for administrasjonen i Sunnfjord kommune: *Saman blir vi drivande gode*. Verdiane vi skal styre etter er: *Engasjert, Inkluderande og Nær*. Arbeidet med visjon og verdier var eit av dei første utviklingstiltaka vi starta med.

Gjennom ein omfattande prosess vart det sett fokus på etisk åtferd og korleis vi vil ha det i den nye kommunen. Verdier som «alle» er kjende med kan vere til hjelp når etiske dilemma oppstår, samstundes som det bidrar til å skape gode haldningar og kultur.

Etiske retningslinjer

Kommunedirektøren oppnemnde ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide etiske retningslinjer for Sunnfjord kommune. Desse er no ferdige etter ein omfattande prosess i mellom anna leiarsamlingar. Planen er å få politisk aksept for dei etiske retningslinjene og få implementert dei i organisasjonen på ein god måte i løpet av 2021. Einingane skal rapportere om fokuset på etikk i årsrapporten, og etikk vil også vere eit eige kontrollspørsmål i medarbeidarsamtalen med einingsleiarane.

Rettesnora

Sunnfjord kommune har utarbeidd eit omfattande elektronisk eigenkontrollsystem, Rettesnora. Dette er eigd av kommunedirektøren, som leiatar på alle nivå får fortløpande opplæring i, og er pålagde å nytte og dokumentere eigenkontrollarbeide på sitt område i:

- *Dokumentstyringsmodulen* sikrar lett tilgjengeleg, kvalitetssikra og godkjente rutine- og prosedyreverk for heile organisasjonen, mellom anna for økonomi- og rekneskapsområdet, eigenkontroll, delegasjon og fullmakter. Her ligg også varsling av kritikkverdige tilhøve, avvik og risikovurderingar.

- *Avviksmodulen* opnar for lågterskel tilbakemelding frå tilsette til overordna om tilhøve som er feil, eller som bør sjåast nærare på for å redusere risiko.
- *Riskomodulen* blir nytta til å risikovurdere potensielt uønskte framtidige hendingar.
- *Varslingsmodul* der alle tilsette, også anonymt, kan varsle kommunedirektøren direkte om kritikkverdige tilhøve, som underslag, mobbing, trakassering, korrupsjon eller brot på etikkreglementet.

Reglement for økonomi, finans- og gjeldsforvaltning

Kommunestyret vedtok 11.12.2019 økonomireglement for Sunnfjord kommune. Formål med reglementet er å sikre effektiv og forsvarleg økonomistyring.

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning, vart vedtatt i kommunestyret den 29.10.2020. Reglementet skal sikre at kommunen forvaltar finansielle midlar og gjeld på ein måte som ikkje inneberer vesentleg finansiell risiko, mellom anna slik at betalingsforpliktingar kan innfriast ved forfall.

Risiko for mislighald

Prosessar for å identifisere og handtere risiko for mislighald er godt innarbeid i organisasjonen gjennom fleire år. Hausten 2019 og vinteren 2020 vart det gjennomført eit omfattande obligatorisk opplæringsprogram for einingsleiarane i den nye kommunen.

Rutinar for tilvising skal sikre at ikkje same person gjer avtalar, kjøper inn, attesterer og tilviser.

Elektronisk handelsløysing hjelper til med å formalisere og sikre gode innkjøpsprosessar. Vi fokuserer på at einingane nyttar dei framforhandla rammeavtalane innanfor denne løysinga.

I det administrative delegasjonsreglementet går det fram at fullmakt til å inngå kontraktar for einingsleiarar er avgrensa til kontraktar med ein avtalesum under 250 000 kroner. Kommunedirektøren/kommunalsjef skal orienterast om innkjøp større enn 100 000 kroner.

Eininga rekneskap og løn utøver kontrollfunksjonen gjennom stikkprøver. Eit moderne økonomisystem bygger opp om dette og gjer kontrollen enklare.

4 Likestilling

4.1 Tilsette i einingane

Tabellen under viser årsverk, tal tilsette og kjønnsfordelinga i kommunen sine einingar pr. 31.12.2020:

(Det vil seie tilsette i alle stillingar som har eit løna arbeidsforhold til kommunen i samsvar med Hovudtariffavtalen (HTA), og som mottok løn i Sunnfjord kommune 31.12.2020 herunder også løna permisjon).

| Sektor | Eining | Tal årsverk | Tal tilsette | Tal tilsette kvinner | Tal tilsette menn |
|-----------------|-----------------------------|-------------|--------------|----------------------|-------------------|
| Leiing | Overordna leiing | 8 | 8 | 4 | 4 |
| Stab | Fagutvikling | 20,3 | 21 | 14 | 7 |
| Stab | Kommuneadvokaten | 1 | 1 | | 1 |
| Stab | Næring og samfunnsutvikling | 2 | 2 | | 2 |
| Stab | Personal | 9 | 10 | 8 | 2 |
| Stab | Tillitsvalde/verneombod | 6,3 | 9 | 8 | 1 |
| Stab | Rekneskap og løn | 14,8 | 15 | 12 | 3 |
| Stab | Service | 26,05 | 30 | 28 | 2 |
| Stab | SysIKT | 19 | 19 | 3 | 16 |
| Barnehage | Bygstad barnehage | 16,27 | 18 | 15 | 3 |
| Barnehage | Halbrend barnehage | 15,2 | 17 | 15 | 2 |
| Barnehage | Hatlehaugen barnehage | 10,18 | 13 | 11 | 2 |
| Barnehage | Holsen skule og barnehage | 6,9 | 9 | 9 | |
| Barnehage | Karstad skule og barnehage | 2,56 | 4 | 4 | |
| Barnehage | Langhaugane barnehage | 21,3 | 23 | 16 | 7 |
| Barnehage | Lunden barnehage | 17,5 | 19 | 17 | 2 |
| Barnehage | Nærleiken barnehage | 25,49 | 25 | 22 | 3 |
| Barnehage | Skei barnehage | 17,6 | 21 | 18 | 3 |
| Barnehage | Slåtdebakkane barnehage | 10,7 | 12 | 12 | |
| Barnehage | Solsida barnehage | 29,49 | 33 | 28 | 5 |
| Barnehage | Sunde barnehage | 16,8 | 18 | 18 | |
| Barnehage | Tusenfryd barnehage | 14,4 | 17 | 15 | 2 |
| Barnehage | Vevring skule og barnehage | 2,62 | 4 | 4 | |
| Barnehage | Vie barnehage | 27,3 | 30 | 27 | 3 |
| Barnehage | Vieåsen barnehage | 17,2 | 19 | 17 | 2 |
| Barnehage | Viksdalen barnehage | 3,8 | 5 | 5 | |
| Barnehage | Ytre Hafstad barnehage | 17,1 | 19 | 16 | 3 |
| Helse og sosial | Aktivitetseininga | 33,79 | 45 | 39 | 6 |
| Helse og sosial | Barnevernstenesta | 26,1 | 27 | 21 | 6 |
| Helse og sosial | Fysio- og ergoterapitenesta | 19,95 | 21 | 18 | 3 |
| Helse og sosial | Helsestasjonen | 26,59 | 34 | 33 | 1 |
| Helse og sosial | Legetenesta | 33,92 | 52 | 37 | 15 |
| Helse og sosial | NAV | 21,2 | 22 | 17 | 5 |
| Helse og sosial | Psykisk helse og rus | 16,7 | 19 | 16 | 3 |

| Sektor | Eining | Tal årsverk | Tal tilsette | Tal tilsette kvinner | Tal tilsette menn |
|------------------|-------------------------------------|-------------|--------------|----------------------|-------------------|
| Kultur og idrett | Bibliotek | 7,71 | 15 | 14 | 1 |
| Kultur og idrett | Idrett og friluftsliv | 7,04 | 12 | 7 | 5 |
| Kultur og idrett | Kultur og ungdom | 11,52 | 17 | 9 | 8 |
| Kultur og idrett | Kulturskolen | 16,81 | 22 | 13 | 9 |
| Omsorg | Bu- og avlastingstenesta | 12,27 | 19 | 14 | 5 |
| Omsorg | Butiltak psykisk helse | 27,46 | 39 | 30 | 9 |
| Omsorg | Førde bu- og miljøteneste, eining 1 | 19,98 | 24 | 18 | 6 |
| Omsorg | Førde bu- og miljøteneste, eining 2 | 21,42 | 39 | 27 | 12 |
| Omsorg | Førde bu- og miljøteneste, eining 3 | 20,49 | 34 | 18 | 16 |
| Omsorg | Førde heimeteneste, eining 1 | 35,75 | 53 | 46 | 7 |
| Omsorg | Førde heimeteneste, eining 2 | 35,86 | 52 | 41 | 11 |
| Omsorg | Førde omsorgssenter, korttid | 20,53 | 27 | 27 | 0 |
| Omsorg | Førde omsorgssenter, langtid | 28,82 | 44 | 42 | 2 |
| Omsorg | Førde omsorgssenter, skjerma | 26,37 | 42 | 39 | 3 |
| Omsorg | Kjøkkentenesta | 22,33 | 30 | 27 | 3 |
| Omsorg | Naustdal bu- og miljøteneste | 26,67 | 40 | 38 | 2 |
| Omsorg | Naustdal heimeteneste | 25,3 | 38 | 34 | 4 |
| Omsorg | Naustdal omsorgssenter | 21,44 | 34 | 33 | 1 |
| Omsorg | Sande bu- og miljøteneste | 20,98 | 27 | 18 | 9 |
| Omsorg | Sande heimeteneste | 16,54 | 18 | 18 | 0 |
| Omsorg | Sande omsorgssenter | 34,89 | 45 | 37 | 8 |
| Omsorg | Skei bu- og miljøteneste | 13,97 | 23 | 21 | 2 |
| Omsorg | Skei heimeteneste | 21,66 | 30 | 29 | 1 |
| Omsorg | Skei omsorgssenter | 26,03 | 44 | 42 | 2 |
| Omsorg | Tildelingseininga | 7,1 | 8 | 8 | 0 |
| Omsorg | Vassenden heimeteneste | 20,1 | 29 | 27 | 2 |
| Skule | Bygstad skule | 16,47 | 18 | 14 | 4 |
| Skule | Flatene skule | 36,12 | 39 | 34 | 5 |
| Skule | Vaksenopplæring og integrering | 17,77 | 23 | 15 | 8 |
| Skule | Frøysland skule | 3,72 | 5 | 3 | 2 |
| Skule | Førde barneskule | 38,17 | 43 | 33 | 10 |
| Skule | Førde ungdomsskule | 41,73 | 45 | 32 | 13 |
| Skule | Halbrend skule | 52,12 | 58 | 37 | 21 |
| Skule | Holsen skule og barnehage | 8,86 | 10 | 9 | 1 |
| Skule | Karstad skule og barnehage | 3,73 | 5 | 4 | 1 |
| Skule | Naustdal skule | 59 | 67 | 50 | 17 |
| Skule | PPT | 12,6 | 14 | 12 | 2 |
| skule | Sande skule | 42,67 | 48 | 35 | 13 |
| Skule | Skei skule | 25,67 | 30 | 26 | 4 |
| Skule | Slåtten skule | 49,61 | 62 | 40 | 22 |
| Skule | Sunde skule | 23,68 | 28 | 21 | 7 |
| Skule | Vassenden skule | 48,26 | 56 | 45 | 11 |
| Skule | Vevring skule og barnehage | 2,6 | 3 | 3 | 0 |

| Sektor | Eining | Tal årsverk | Tal tilsette | Tal tilsette kvinner | Tal tilsette menn |
|------------------|------------------------------|-------------|--------------|----------------------|-------------------|
| Skule | Viksdalen skule | 12,37 | 17 | 14 | 3 |
| Teknisk og miljø | Areal- og byggesak | 17,3 | 17 | 6 | 11 |
| Teknisk og miljø | Brann og redning | 12,5 | 74 | 1 | 73 |
| Teknisk og miljø | Bygg- og eigedomsforvaltning | 28,1 | 30 | 3 | 27 |
| Teknisk og miljø | Landbruk og miljø | 8,6 | 10 | 3 | 7 |
| Teknisk og miljø | Reinhold og vaskeri | 70,2 | 90 | 75 | 15 |
| Teknisk og miljø | Teknisk drift | 12,03 | 19 | 1 | 18 |
| Teknisk og miljø | VAR | 14,77 | 20 | 2 | 18 |

Merknad

⁽¹⁾ Sum tilsette totalt i Sunnfjord kommune samsvarar ikkje med summen av tal tilsette i alle einingane då det er fleire tilsette som arbeider i fleire sektorar og einingar og som såleis vert registrert fleire gongar.

Fordeling av årsverk og tilsette innanfor den respektive sektor er slik:

| Sektor | Tal årsverk | Tal tilsette | Tal tilsette kvinner (K) | Tal årsverk K | Tal tilsette menn (M) | Tal årsverk M |
|------------------|-------------|--------------|--------------------------|---------------|-----------------------|---------------|
| Leiling | 8 | 8 | 4 | 4 | 4 | 4 |
| Staber | 98,95 | 107 | 73 | 63,75 | 34 | 33,4 |
| Skule | 495,35 | 571 | 427 | 366,81 | 144 | 128,54 |
| Barnehage | 272,81 | 306 | 269 | 239,08 | 37 | 34,73 |
| Helse- og sosial | 178,25 | 220 | 181 | 150,42 | 39 | 27,83 |
| Omsorg | 505,96 | 739 | 634 | 440,26 | 105 | 65,7 |
| Kultur og idrett | 43,08 | 63 | 43 | 27,77 | 23 | 15,31 |
| Teknisk og miljø | 163,3 | 260 | 91 | 72,05 | 169 | 91,3 |
| Sum | 1766 | 2277 | 1722 | 1365 | 555 | 401 |

Tal årsverk fordelt på kjønn fordelar seg slik:

| | Årsverk | Utgjer |
|---------|---------|--------|
| Kvinner | 1365 | 77% |
| Menn | 401 | 23% |
| Alle | 1766 | |

Uavhengig av sektor, så var det totalt 2181 personar tilsett i Sunnfjord kommune pr 31.12.2020.

Av desse var det 1658 kvinner (76%) og 523 menn (24%).

Nasjonale tal for kvinnedelen i kommunesektoren er 77% (2019). Sunnfjord kommune ligg såleis litt under gjennomsnittet.

Av kommunen sine 151 leiarar (kommunedirektør/kommunalsjefar/einingsleiarar/assisterande einingsleiarar) er 115 kvinner og 36 menn. Det utgjør ein kvinnedel på 76 %.

Når det gjeld einingsleiarar (totalt 78 stk.), så er 57 kvinner (73 %) og 27 menn (27%).

Nasjonale tal er 65 % kvinner (2019). Sunnfjord kommune har såleis ein større del kvinner som einingsleiarar enn landsgjennomsnittet.

4.2 Heil- og deltidstilsette

| | Totalt | Kvinner | Menn |
|-------------------------|--------|---------|------|
| Tal fulltidstilsette | 1178 | 862 | 316 |
| Fulltidstilsette i % | 54 | 52 | 60 |
| Tal deltidstilsette | 1003 | 796 | 207 |
| Tal deltidstilsette i % | 46 | 48 | 40 |

Kommentar:

Tal deltidstilsette utgjør totalt 46 % av alle tilsette i kommunen.

Gjennomsnittet for kommunane i Norge (2019) er at 47 % arbeider deltid kor 51 % av kvinnene og 35 % av mennene gjer dette. Sunnfjord kommune ligg såleis litt under gjennomsnitt, men har ein større del menn som arbeider deltid enn dei nasjonale tala.

4.2.1 Deltidstillingar innanfor sektorane

Omfanget av deltidstillingar varierer innanfor dei einskilde sektorane –jf. tabellen under:

| Sektor | % deltid totalt | % deltid kvinner | % deltid menn | Tal tilsette som eig 100 % stilling men går i redusert stilling |
|------------------|-----------------|------------------|---------------|---|
| Leiting | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Staber | 17 | 22 | 6 | 3 |
| Skule | 39 | 41 | 33 | 37 |
| Barnehage | 33 | 31 | 42 | 24 |
| Helse- og sosial | 38 | 37 | 44 | 11 |
| Omsorg | 68 | 68 | 63 | 47 |
| Kultur og idrett | 52 | 51 | 52 | 0 |
| Teknisk og miljø | 53 | 56 | 51 | 1 |
| Sum | 46 | 548 | 40 | 123 |

(Sum tilsette totalt i sektorane samsvarar ikkje med summen av tal tilsette, då det er fleire tilsette som arbeider deltid i fleire sektorar og såleis vert talt som deltid i to sektorar.)

Kommentar

Omsorgssektoren har flest tilsette som arbeider deltid. Totalt 68% av dei tilsette har ei deltidsstilling. Av desse er det 47 tilsette som eig ei 100 % stilling men som vel å gå i redusert stilling. Dette fører til at vi kan få to tilsette i deltidsstilling – totalt 94 tilsette.

På grunn av stillinga sitt innhald, er det mange stillingar i kommunen som ikkje er ei 100% stilling. Det vil og vere slik at det heller ikkje er mogleg å kombinere denne med andre stillingar i kommunen. For mange tilsette er det heller ikkje mogleg eller ønskjeleg. Dette vil vere situasjonen for m.a. om lag 60 deltids brannmannskap, 25 legar i legetenesta og om lag 40 studentar frå sjukepleiehøgskulen som arbeider helgar i omsorgstenesta.

4.2.2 Gjennomsnittleg stillingsprosent

| Sektor | Gjennomsnitt stillings % alle | Gjennomsnitt stillings % kvinner | Gjennomsnitt stillings % menn |
|------------------|-------------------------------|----------------------------------|-------------------------------|
| Leiting | 100 | 100 | 100 |
| Staber | 92 | 92 | 98,2 |
| Skule | 87 | 87 | 85,7 |
| Barnehage | 89 | 89 | 93,9 |
| Helse- og sosial | 81 | 81 | 71,7 |
| Omsorg | 68 | 68 | 62,6 |
| Kultur og idrett | 65 | 65 | 66,5 |
| Teknisk og miljø | 63 | 63 | 62,1 |
| Sum | 81 | 82 | 77 |

(Sum tilsette totalt i sektorane samsvarar ikkje med summen av tal tilsette, då det er fleire tilsette som arbeider deltid i fleire sektorar og såleis vert talt i to sektorar.)

Kommentar

Gjennomsnittleg stillingsprosent i kommunen er 81 %. Den er høgast for kvinner (82%).

Det er innan sektoren Teknisk og miljø vi finn den gjennomsnitt lågaste stillingsprosenten, og det er blant menn (62,1%). Dette skulast i hovudsak mange deltids brannmannskap som har om lag 1% stilling i kommunen.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik blant kommunane i Norge er også 81% (2019), derav 80% for kvinner og 83% for menn. At kommunen har så mange deltidsbrannmannskaper, er nok årsaka til at vi har lågare tal her.

Ønskje om auke stilling

Deltidstilsette i kommunen kan på eiga nettside registrere sine ønskjer om å auke arbeidstida si.

Pr 31.12.2020 så har totalt 38 tilsette registrert seg her. Hovudvekta av desse er enten assistentar eller fagarbeidarar.

I sum utgjer deira ønskje om å auke i stilling totalt 12 stillingar. Av desse har fem tilsette fått auka til 100 % i løpet av året, mens 15 tilsette har fått auka stillinga si enten fast eller mellombels.

4.3 Lønsstatistikk

Gjennomsnittleg løn finn vi ved å dele den totale lønsmassen (fast løn) på tal årsverk

| | Gjennomsnittsløn |
|---------|------------------|
| Kvinner | 505 381 |
| Menn | 529 907 |
| Alle | 510 950 |

Kommentar:

Vi finn flest kvinner innanfor dei låglønte stillingar i kommunen. Det er stillingar utan høgare utdanning slik som assistentar og fagarbeidarar i pleie og omsorg, barnehagar, skuler og reinhald. Det fører til at kvinner generelt har ei lågare gjennomsnittsløn enn menn.

4.3.1 Løn leiarar

Dette omfattar alle leiarar som er lønsplassert i Hovudtariffavtalen sitt kapittel 3; kommunedirektør, kommunalsjefar, einingsleiarar og assisterande einingsleiarar.

| | Tal leiarar | Gjennomsnittleg løn |
|--|-------------|---------------------|
| Alle kvinnelege leiarar i HTA kap. 3 | 115 | 717 293 |
| Alle mannlege leiarar i HTA kap. 3 | 36 | 796 576 |
| Alle leiarar i kapittel 3 i HTA kap. 3 | 151 | 736 576 |
| Kvinnelege einingsleiarar | 57 | 775 702 |
| Mannlege einingsleiarar | 21 | 817 588 |
| Alle einingsleiarar | 78 | 786 979 |

Kommentar:

Årsaka til at menn har høgare lønn enn kvinner, er i hovudsak at fleire mannlege leiarar har stillingar på større einingar og i stabseiningar som er høgare løna enn gjennomsnittet.

På grunn av ulik løn mellom leiarane i dei fire kommunane, blei det både i desember 2019 og november 2020 gjennomført drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane med det føremål å få harmonisert løna mellom leiarane i den nye kommunen. Før harmoniseringa kunne ulikskapen vere på opp mot kr 100.000 i einskilde sektorar. Ein har framleis ikkje kome i mål med dette, og vi vil i 2021 arbeide vidare med å utarbeide ein modell for avlønning av einingsleiarar og assisterande einingsleiarar i kommunen.

Ved lønsoppgjeret i 2020 fekk alle leiarar ein lønsauke på kr 1900 frå 1.1.2020.

4.3.2 Løn tilsette i HTA kapittel 4

Dette omfattar tilsette frå dei med inga utdanning til dei med 5 års høgskuleutdanning+

| | Årsverk | Gjennomsnittleg løn |
|---------|---------|---------------------|
| Kvinner | 1220 | 482 333 |
| Menn | 329 | 478 642 |
| Alle | 1549 | 481 550 |

Kommentar:

Dei høgast løna tilsette innanfor dette lønskapitelet er tilsette med 3 årig høgskule og meir. Mange av desse arbeider innan skule, helse og omsorg og i barnehagar Det er overvekt av kvinner i desse yrkesgruppene. Derfor har kvinnene høgare løn enn menn.

I 2020 blei all lønsauken gitt sentralt til tilsette i dette lønskapitelet. Årslønsveksten var på 1,7% .

Også innan dette lønskapitelet blei det november 2020 gjennomført ein harmonisering av løna mellom forskjellige arbeidstakarar der partane opplevde at ulikskapen var urimeleg stor.

4.3.3 Løn tilsette i HTA kapittel 5

I dette lønskapitelet ligg legar, psykologar, ingeniørar, jordmødre mv – dvs. dei med høgare akademisk utdanning.

| | Årsverk | Gjennomsnittleg løn |
|---------|---------|---------------------|
| Kvinner | 29 | 679 778 |
| Menn | 37 | 715 518 |
| Alle | 66 | 699 736 |

Kommentar:

Det er fleire høgt løna mannlege legar og psykologar enn kvinnelege. I tillegg er ein del leiarar frå tidlegare kommunane lønsplassert her. Det fører til at menn har ein høgare løn enn kvinner i dette lønskapitelet.

I kommunen sin lønsforhandlingar fekk alle tilsette i kapittel 5 ein lønsauke på 0,6 % frå 1.5.2020.

Også innan dette lønskapitelet blei det november 2020 gjennomført ein harmonisering av løna mellom forskjellige arbeidstakarar

4.3.4 Uttak av permisjon/tapte dagsverk på grunn av permisjon sortert etter kjønn

Dette er oversikter vi får frå KS, som igjen hentar dei frå PAI- registeret.

KS har meddelt at dei ikkje vil ha denne oversikten klar før i mars 2021.

4.3.5 Alderssamansetning

Gjennomsnittsalderen for tilsette i Sunnfjord kommune var i 2020 på 44 år.

4.4 Tiltak for å fremme likestilling og hindre forskjellsbehandling

I 2020 har kommunen framleis arbeidd med kommunesamanslåing for å få på plass og implementere rutinar og styringsdokument. I tillegg har situasjonen og arbeidet rundt covid-19 ført til at det ikkje har vore kapasitet til å arbeide noko særskilt med likestillingsarbeidet utover det som ligg m.a. i tilsettingsrutinane, og det arbeidet som ein allereie har i gang. Det er:

- Vurdere innføring av forskjellige turnusordningar og etablere bemanningssenter
- Oppfølging av den elektronisk registreringa kor deltidstilsette som ønskjer å auke stillinga si registrerer seg.

I samband med kommunesamanslåing blei det satt ned ei partsamansatt arbeidsgruppe som skulle utarbeide framlegg til Plan for å fremje likestilling, hindre diskriminering, mobbing og trakassering og anna utilbørleg åtferd i kommunen. Framlegget vert det arbeidd vidare med i 2021 og vert truleg vedteke i løpet av våren.

Utover dette har det som tidlegare nemnd vore gjennomført lønsjusteringar for å harmonisere løna mellom arbeidstakarane.



5 Kommunedirektørens eigenkontroll

5.1.1 Innleiing – krav om eigenkontroll

Eigenkontroll er ein naudsynt føresetnad for god styring, måloppnåing og læring på alle nivå i kommuneorganisasjonen. Ein effektiv eigenkontroll bidreg til kvalitet og effektivitet i tenesteleveransane og gjer organisasjonen betre rusta til å handtere framtidige utfordringar. Eigenkontroll handlar i dagleg drift om den sikrande «omslutnaden» som må vere på plass i dagleg tenesteproduksjon og forvaltningsutøving for at denne skal fungere tilfredstillande; slik at kommunal kvalitet ikkje blir rein «flaks», men er resultat av systematisk eigenkontroll.

At kommunen har god eigenkontroll er særleg viktig fordi:

- Kommunen leverer viktige *velferdstenester* til alle
- Kommunen har viktige oppgåver som *myndigheitsutøvar*
- Kommunen har ansvar for *felleskapets pengar*
- Kommunen må ha *tillit* som forvaltningsorgan og demokratisk arena

5.1.2 Kommunedirektørens samla ansvar

Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å føre kontroll med eiga verksemd. Kommunedirektøren har det overordna ansvaret: Gjennom den sektor-overgripande eigenkontrollen formidar kommunedirektøren forventningar til organisasjonen, og det blir tilrettelagt for etterleving, styring og oversikt.

Kravet om eigenkontroll med administrasjonen og kommunedirektørens særlege ansvar er blitt skjerpa i den nye kommunelova. Kommunelova § 25-1 seier m.a.;

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ansvar for eigenkontrollarbeidet i Sunnfjord kommune *følgjer linja* :

- Kommunedirektør har overordna ansvar for eigenkontrollen og som eigar og tilretteleggar av det elektroniske eigenkontrollsystemet- Rettesnora. Kommunalsjefane har ansvar for eigenkontroll på sine respektive sektorar på same vis – og einingsleiarane har ansvaret i einingane.
- Ansvar for *operativ bruk* av verktøya i kommunedirektørens eigenkontrollsystem, ajourhald i systemet og rapportering frå systemet følger også linja.

5.1.3 Annleisåret 2020 versus kommunedirektørens eigenkontrollarbeid

Særleg to tilhøve i 2020 har påverka det sektorovergripande eigenkontrollarbeidet til kommunedirektøren, men har kravd at eigenkontroll likevel må ha særskilt fokus:

- *Kommuneorganisasjonen Sunnfjord kommune* blei fødd 01.01.2020: 4 tidlegare kommunar blei til èin ny kommune. Talet på organisatoriske einingar er blitt til 82 einingar. Talet kommunalt tilsette i same kommunen er blitt nesten 2300. Folketalet, og dermed tal tenestemottakarar kommunen skal tene er blitt kring 22 000 innbyggjarar!
- *Korona-pandemien*, med m.a. nedstenging av skular og barnehagar frå D-dagen 12.03.2020. Pandemien har vart ved også godt inn i 2021.

Pandemien har i stor grad styrt *fokus* til leiarar og enkelttilsette og har også påverka *muskelkraft* til å utføre andre aktivitetar; så som eigenkontrollarbeid. Begge hendingane har dessutan kravd særleg årvåkenheit av kommunedirektøren og leiarkorpset ved at begge tilhøva har mykje *potensiell risiko* i seg.

Sunnfjord kommune som ein *ny kommuneorganisasjon* av tilsette frå fire tidlegare kommunar frå 2020, har hatt føringar for prioritering i eigenkontrollarbeidet dette året:

- *Mogningsnivået* blant tilsette og det nye korpset leiarar knytt til fokus på, kunnskap om og haldningar til kommunal eigenkontroll, varierer
- Grad av *systematikk* i tilnærming til og dokumentasjons-iver har variert mellom kommunane og mellom sektorar innan/på tvers av dei tidlegare kommunane
- Grad av *risikotenking* som grunnlag for korleis innretninga av eigenkontrollarbeidet skal vere fundert på sektorovergripande, sektor- og tenestenivå, varierer
- Tre av dei tidlegare kommunane hadde innført eit *elektronisk eigenkontrollsystem* («Rettesnora»), to av dei tre kommunane brukte det gjennomgåande – og ein av kommunane hadde manuelt eigenkontrollsystem. Dette gjer at kunnskap om korleis bruke eit elektronisk eigenkontrollsystem, og kva det kan brukast til, varierer

5.1.4 2019/2020: Skulering av leiarkorps etter leist frå gamle Førde kommune

Tankegodset kommunedirektørens eigenkontrollarbeid i den nye, samanslegne Sunnfjord kommune byggjer i stor grad på det systematiske arbeidet og «mogningsreisa» rådmannen, leiargruppa og einingsleiarar i tidlegare *Førde kommune* starta på attende til 2012, med deltaking i KS sitt effektiviseringsnettverk: «*Orden i eige hus*». Der vart også modellen som Førde, og seinare Sunnfjord kommune har lagt til grunn for kommunedirektørens eigenkontrollarbeid, utvikla (sjå figur).

Modellen Sunnfjord kommune legg til grunn for eigenkontrollen (KS)



Ut av dette nettverket starta eit årelangt arbeid, like fram mot nye Sunnfjord kommune, der eigenkontroll fekk stort fokus på alle nivå i organisasjonen. Ein controller vart tilsett i 100% stilling for rådmannens overordna eigenkontrollarbeid, med ansvar for innføring av kommunedirektørens elektronisk eigenkontrollsystem – Rettesnora.

Hausten 2019 og våren 2020 starta kommunedirektøren for Sunnfjord kommune opplæringa av leiarkorpsset og dedikerte tilsette, m.a. på eigenkontroll:


- Teoretisk opplæring i eigenkontrollarbeid og i det formelle ansvaret på eigenkontroll som ligg til ansvarsområdet
- Opplæring i praktisk bruk av modulane i kommunedirektørens eigenkontrollsystem – Rettesnora: *Avviksmodul, risikomodul, dokumentstyringsmodul, skade- og fallmodular og varslingsmodul* (av kritikkverdige tilhøve).
- Harmonisering av eigenkontrollarbeidet til ny kommune – og sikre at ein har alle med seg og ein får etablert ei felles forståing av verdien av eigenkontroll – og dei formelle krava som ligg bakom etter m.a. Kommunelova.

5.1.5 Rettesnora – kommunedirektørens elektroniske eigenkontrollsystem

Innføring av *elektroniske verktøy* har vore eit viktig grunnlag for å drive eit systematisk, effektivt og dokumenterbart eigenkontrollarbeid hjå kommunedirektøren og ute i einingane. Systemet skal ivareta kravet om eigenkontroll og kvalitetskrav, som lover, forskrifter og kommunen sine egne standardar.

Rettesnora som system er både: *operative oppslagsverktøy, gjennomføringsverktøy, dokumentasjonsverktøy og statistikkverktøy* i eigenkontrollarbeidet.

Rettesnora inneheld 6 hovudmodular:



- I den elektroniske **dokumentstyringsmodulen** skal alle administrative prosedyrar, rutinar, sjekklister m.v. for tenesteproduksjon og forvaltningsverksemd på alle administrative nivå i kommunen vere samla. Systemet har funksjonalitet for m.a. versjonering, revisjonspurring og godkjenings-funksjon – og rutineverket blir synlege for tilsette på alle nivå, og kan delast fritt.

- **STATISTIKK DOKUMENTSTYRINGSMODUL:** Pr 01.03.2021 ligg det inne 937 *godkjende* eigenkontrolldokument i Dokumentstyringsmodulen, fordelt på sektorovergripande, sektor- og einingsnivå.

- I den elektroniske **forbetrings- og avviksmodule**n blir feil og uønskte hendingar i drifta registrert – behandla – tiltak generert og avvik lukka – med elektronisk tilbakemelding til meldar. Føremålet med avviksregistrering er å redusere skadeomfanget, her og no – og det langsiktige siktemålet er å redusere talet framtidige feil, og å få til læring og kvalitetsforbetring i einingane.

- **STATISTIKK AVVIKSMODUL:** *Talet* elektroniske meldte avvik i avvikssystemet for Sunnfjord i 2020 var kring 1400 (jf. Tabell:

| Totalt for denne rapport | |
|--|------|
| År: | 2020 |
| Brukarrelaterte avvik | 299 |
| Fagleg kvalitet | 219 |
| Forbetringsforslag | 42 |
| HMT (Helse-, miljø og tryggleik) | 395 |
| Informasjonstryggleik og personvern | 33 |
| Internrevisjon og tilsyn | 1 |
| Legemiddelhandtering | 355 |
| Vernerunde | 34 |
| Totalt | 1378 |

avvik totalt for Sunnfjord og pr meldeområde).

- Tilleggsmodular for registrering av **skade** på tilsette og på elevar og for registrering av **pasientfall** innan Helse og omsorg er òg teke i bruk i organisasjonen der dette er aktuelt.
- *Risikomodul* – for å gjere systematiske vurderingar av risikopotensialet knytt til alle sider ved tenesteproduksjon eller handlingar/aktivitetar. Målet er å finne risikoreduserande *tiltak* på potensielt uønskte framtidige hendingar, før dei finn stad – og gjennom oppfølgjande tiltaksplanar for større risikoar plassere ansvar og fristar. Fokuset til kommunedirektør blir frametter dreia mot såkalla «*risikobasert eigenkontroll*»; område som gjennom risikoanalysar, avvik eller gjennom andre signal indikerer at ein bør vere særleg årvakne på.
- *Varslingsmodul* - arbeidstakar sin rett til å varsle *kommunedirektør*, direkte, om mogelege kritikkverdige tilhøve på arbeidsstaden: Alvorlege tilhøve som kan skade kommunen som organisasjon eller tenestene vi leverer; brot på arbeidsmiljølova sin ordlyd om mobbing og trakassering; tilhøve som kan representere fare for liv og helse; økonomiske forhold som korrupsjon eller økonomisk utruskap; brot på kommunens etikkreglement m.v.

5.1.6 Eigenkontrollarbeidet i kommunen – ålment

- *Controller* for kommunedirektørens eigenkontroll støttar organisasjonen, og driv det fortfarande eigenkontrollarbeidet i nært samarbeid med kommunedirektør, kommunalsjefar og einingsleiarar. Gjev opplæring i eigenkontroll og modulane i Rettesnora, og deltek ved eksterne tilsyn. Controllerfunksjonen er i den nye kommunen blitt supplert med to økonomirådgjevarar, alle lokalisert i Fagutviklings-eininga.
- Eigenkontroll er tema i *utvida leiargruppe* ved behov – med spesielt fokus på modulane i Rettesnora.
- Kommunedirektør har gjennom hausten 2019-2020 informert om og rapportert frå kommunedirektørens eigenkontroll-arbeid i m.a. einingsleiarsamlingar, AMU, verneapparat, kontrollutval og kommunerevisjonen.
- Eigenkontroll som leiingsfunksjon er blitt tydeleggjort ved at den er teke inn som eige punkt i den nye *leiaravtalen* for einingsleiarar i Sunnfjord kommune.